

Vestland Arbeiderparti

Årsmøte 2023

Medlemmer:

Arve Helle (leder)

Eva Steigen

Linda Merkesdal

Gaute Straume Epland

Gunn Beate Thorsnes Lefdal

Stian Oen

Siri Sandvik

Henrik Jorem

Oda Medhus (AUF)

Sekretær:

Regine Olsen-Hagen

26 **Oversikt over forslag som er sendt fra styret til redaksjonskomite for**
 27 **behandling:**

Tema:	Forslagsnr:	Antall forslag
Arbeidsliv	32, 94, 110, 115	4
Energi, miljø og klima	22, 27, 28, 31, 35, 37, 47, 49, 51, 54, 59, 65, 68, 69, 72, 74, 82, 83, 84, 86, 87, 88, 89, 90, 95, 99, 102, 104, 109, 114, 118, 121, 146, 148, 149, 150, 152, 154, 155, 156, 157, 163, 164, 166	44
Helse og velferd	23, 24, 26, 33, 36, 40, 42, 45, 46, 48, 56, 57, 61, 62, 66, 67, 70, 71, 77, 78, 79, 85, 101, 105, 106, 107, 108, 111, 112, 113, 144, 117, 122, 123, 124, 125, 126, 127, 130, 131, 136, 137, 138, 139, 140, 141, 142, 143, 158, 159, 160, 165, 167, 168, 172, 173, 174, 175	58
Internasjonalt	55, 116, 134, 170, 171	5
Næring og skatt	53, 63, 119, 29, 43, 44, 93, 120, 133, 135, 153, 169	12
Samferdsel	21, 25, 30, 34, 38, 39, 41, 50, 52, 58, 60, 64, 73, 75, 76, 80, 81, 91, 92, 96, 97, 98, 100, 103, 128, 129, 132, 145, 147, 151, 161, 162, 176	33
Totalt:		156

- 28
- 29
- 30
- 31
- 32
- 33
- 34
- 35
- 36
- 37
- 38
- 39
- Totalt innkomne forslag innstilt på oversendes redaksjonskomiteen fra styret er: 156.
 - Forslag nr. 1-10 er foreslått avvist av ulike grunner av styret.
 - Forslag 11-20 innstilles på oversendes fylkestingsgruppen.
 - Styret har laget en felles uttale nr. 182 med innstilling vedtas, oversendes Stortingsgruppen, av forslag nr. 177, 178 og 179.
 - Forslag som avvises: 2, 3, 4, 5, 6, 7, 8, 9, 10, 46, 83, 164, 165, 171, 176
 - Forslag med dissens: 171, R3

40 Nye forslag fra redaksjonskomiteen

41 **R 1 Arbeidsliv: Inkludering, mangfold og rekruttering**

42 *Ivaretar forslag nr. 32, 33 og 110, 115. Forslag 94 oversendes Stortingsgruppen.*

43 **Inkludering i arbeidsliv**

44 Ei stabil tilknytning til arbeidslivet inkluderer deg i sosiale miljø, mogeleggjjer
45 livsmeistring og gjer deg eiga inntekt og kontroll over eigen økonomi. Trygdesatsane
46 må vere på et nivå som mogeleggjjer eit trygt og verdig liv, og dei må justerast ut frå
47 lønnsveksten i samfunnet.

48
49 Anbudsutsetting av fleire av arbeidsmarkedstiltak våre, dei viktigaste verktøya våre
50 for å styrke yrkesdeltakinga for dei med vanskar i arbeidslivet, fører til administrative
51 utfordringer og merarbeid både i anbudsprosessen og når tiltaka skal driftes. Ein
52 gjennomgang av måten arbeidsmarkedstiltak våre er organisert på vil difor vere eit
53 viktig bidrag til å nå målet i Hurdalsplattforma om å styrke desse tiltaka.

54
55 **Vestland Arbeiderpartiet vil arbeide for:**

- 56 • At det skal løne seg å arbeide for dei som kan, og vi må gjere meir for å
- 57 hjelpe folk i arbeid.
- 58 • At vi styrker ordninga med tilrettelagte arbeidsplasser.
- 59 • At det må finnast gode ordningar som ivaretek dei som står langt utanfor
- 60 arbeidslivet.
- 61 • At det må vurderast om tiltaka som i dag er anbudsutsett framleis skal vere
- 62 det. Det må også vurderast om NAV lokalt i større grad sjølv skal kunne
- 63 avgjere om det faktisk skal gjennomførast anbod når regelverket fyrst opner
- 64 for dette.

65 **Rekruttering av arbeidskraft til distrikta**

66 Utfordring og mangel på arbeidskraft kan vera ein sterk trussel mot å bevare
67 folketalet og oppretthalde bygdene. Mangel på kvalifiserte søkjarar med høgare
68 utdanning til dømes lærarstillingar i barnehage og skule er ei aukande utfordring,
69 og utan til dømes legar og sjukepleiarar, vil det verta redusert tryggleik i
70 kommunane.

71
72 **Vestland Arbeiderpartiet vil arbeide for å:**

- 73 • Få ungdom og andre til å velje seg utdanning inn mot kommunale stillingar og
- 74 tilsette i kommunal sektor vert verande.
- 75 • Setje i verk målretta tiltak for å utdanne fleire innan helse og oppvekst, og
- 76 plan og forvaltning.

78 **R 2 Energipolitikk for ei ny tid**

79 *Ivaretar forslag nr. 22, 27, 28, 35, 37, 47, 54, 59, 74, 87, 88, 95, 102, 104, 114, 150,*
80 *152, 154, 155, 156, 157, 163*

81 Verda har endra seg mykje dei siste åra. Europa står i ei akutt energiforsyningskrise.
82 Norge kan stå overfor mange år med høge straumprisar. Det gjer kvardagen for
83 hushaldningar og bedrifter i Vestland fylke vanskelegare. Myndigheiter på alle nivå
84 må no jobbe for å auke produksjon og redusere forbruk av energi.

85 Samtidig fortset klimaendringane med uforminska styrke. Effektane av
86 klimaendringane vert meir og meir tydelege. Gjennom Paris-avtalen har Norge
87 forplikta seg til betydelige kutt i klimagassutslepp. Klimaendringane er globale, men
88 årsakene og løysingane er lokale. Derfor skal klima skal vere ramma rundt all
89 Arbeiderparti-politikk, også på fylkesnivå.

90
91 Fylket har mange urørte naturområde med stort biologisk mangfald. Vestland
92 Arbeiderparti er forplikta til å verne om miljøet og jobbe for produksjon av energi med
93 minst mogeleg naturinngrep.

94
95 Vår store utfordring er å sørgje for nok energi til å oppfylle klimamåla, og samtidig
96 ivareta miljø, lokalt sjølvstyre og arbeidsplassar i heile fylket. Med bakgrunn i Putins
97 krigføring i Ukraina, omstillinga til fornybar energi for å oppnå våre klimamål, og våre
98 plikter i Parisavtalen har vi fått ein kraftsituasjonen i Norge som har gitt store
99 prisutslag det siste året.

100
101 Integreringa med kraftmarknader i våre naboland er eit viktig premiss for
102 energipolitikken, og må liggje fast i kriser som den vi no lever gjennom.
103 Arbeiderpartiet er eit ansvarlig styringsparti som balanserer desse omsyna og rustar
104 fylket og nasjonen for ei ny tid.

105
106 **Energiressursane skal liggje under offentlig eierskap og kontroll**

107 Krafta er vår felles ressurs eigd i all hovudsak av fellesskapet gjennom stat og
108 kommunar. Føreseieleg tilgang på rimeleg kraft har vore ein viktig føresetnad for
109 utbygginga av velferdssamfunnet vårt og eit avgjerande konkurransefortrinn for
110 norsk industri.

111
112 Den pågåande straumpriskrisa rammar folk, frivilligheit og næringsliv hardt, og har
113 synt sårbarheiter ved dagens system. Straumstøtteordninga er eit godt tiltak for å
114 motverka høge prisar samstundes som ho gjer insentiv til å spare på straumen.
115 Vestland Arbeidarparti støttar regjeringa sine annonserte endringar av ordninga, slik
116 at straumprisen time for time vert lagt til grunn for utmåling av støtte, og meiner
117 samstundes at ordninga kontinuerleg må evaluerast og forbetrast. Vi må jobbe
118 vidare for å sikre gode nok fastprisavtalar for næringslivet som tryggjer
119 arbeidsplassar i fylket.

120
121 Straumstøtte er likevel ikkje ei varig løysing. Vestland Arbeidarparti krev at det vert
122 teke grep for å sikra varig låge straumprisar. Det betyr meir kraft, meir nett og meir
123 ENØK. Men det betyr og at ein i samband med pågåande utgreiing av

prisfastsettinga på straum reelt vurderer handlingsrommet innanfor EØS-avtalen og avtaler om kraftutveksling for å motverka prissmitte frå utlandet. Norge må i større grad utnytta handlingsrommet i avtaler, og om naudsynt reforhandla dei, slik at vi sikrar nasjonal styring på dette området.

Kraftindustri i offentlege eige bør organiserast slik at målet om profitt ikkje vert styrande, men slik at dei kan løyse samfunnsoppgåver til beste for fellesskapet. Heimfallsrett bør vurderast for alle fornybare energiformer. På sikt vil Vestland Arbeidarparti ha eit kraftsystem som i størst mogleg grad gir forbrukarar og næring rikeleg tilgang på kraft til ein stabilt låg pris. Det inneber og ei opprydding i marknaden for straumalg.

Vestland Arbeiderparti vil arbeide for å:

- Kontinuerleg evaluere og forbetre den mellombelse straumstøtteordninga for forbrukarar.
- Sikre gode nok fastprisavtalar for næringslivet som tryggjer arbeidsplassar i fylket.
- Vurdere handlingsrommet i eksisterende avtaler om kraftutveksling, og sikre at kraftutveksling ikkje går lengre enn naudsynt for å ivareta vår energitryggleik.
- Styrke samfunnsrollen til dei offentlege kraftselskapa.

Meir og raskare utbygging av kraftproduksjon og nett i Vestland

Behovet for kraft er enormt i åra som kjem. Statnett slår fast at det er behov for å auke kraftproduksjonen i Norge, viss vi ikkje skal få kraftunderskot. Utbygging av ny kraftproduksjon i Vestland bør primært skje gjennom oppgradering og effektivisering av eksisterande vasskraftverk, vindkraft på land og utbygging av havvind.

Vertskommunane for vasskraft må få meir att for den verdiskapinga kraftproduksjonen og den planlagte effektøkningen står for. Konesjonskrafta har i generasjonar vore ein kompensasjon for avstått areal til kraftutbygging. Prinsippet om at denne kompensasjonen skal liggje att i lokalsamfunna må stå ved lag også i framtida.

Vindkraft på land skal vere ei lokaldemokratisk sak som skal avgjerast av kommunane. Ny produksjon av energi skal byggjast ut med minst mogeleg naturinngrep. Derfor vil vi prioritere av vindmøller i industriområder før øvrig utbygging på land vurderast. Større, klart definerte økonomiske føremon vil kunne skape meir aksept for vindkraftutbygging i dei kommunane der det er aktuelt.

Vestland Arbeiderparti støtter regjeringa si satsing på vindkraft til havs. Vi står midt i eit grønt skifte, og stadig større deler av samfunnet skal elektrifiserast. Elektrifisering av sokkelen må i størst mogleg grad skje gjennom havvind, som også kan verta ein viktig marknad for den norske leverandørindustrien etter kvart som oppdraga innan olje og gass framover vert færre.

For å nå klimamåla og få nok rimeleg kraft, må vi satse på dei energikjeldene som kan takast i bruk raskt. **Kjernekraft vil verte klar til bruk i Norge først om mange**

173 **år.** Vestland Arbeiderparti vil arbeide for å innhente meir kunnskap om kjernekraft og
174 ta i bruk meir moden teknologi som biogass, sol og vind.

175
176 I Vestland er det òg naudsynt å betre nettkapasiteten. Begrenset kapasitet i nettet
177 hindrer næringsutvikling og bidreg til store forskjellar i pris og tilgjengelighet på kraft.
178 Vestland Arbeiderparti vil sørgje for trygg nettilgang også i indre strøk av fylket og i
179 områder der industrien er sårbar.

180
181 Vestland Arbeiderparti vil arbeide for:

- 182 • Det må innførast grunnrenteskatt på landbasert vindkraft på land
- 183 • Energiproduksjon med lågast mogeleg kostnad og miljøpåverknad.
- 184 • Betre rammevilkår for oppgradering og effektivisering av vasskrafta vår.
- 185 • Betre distribusjonskapasitet i heile Vestland fylke.
- 186 • Å innhente meir kunnskap om moglegheitene for kjernekraftverk i Norge på
187 lang sikt.
- 188 • At elektrifisering av sokkelen i størst mogeleg grad skal skje gjennom havvind.
- 189 • Å ta raskt i bruk moden teknologi som biogass, sol og vind.

190
191 **Straumsparing og lokal energiproduksjon – eit felles ansvar**

192 Norge har stort potensiale for å effektivisere energibruken og redusere
193 strømforbruket, og gode føresetnader for å byggje ut lokal energiproduksjon.

194
195 Ein del ENØK-tiltak kan vere kostbare å gjennomføre, for private, for bedrifter, for
196 kommunar og for lag og organisasjonar. Det er difor avgjerande med støtteordningar
197 for å gjennomføre ENØK-tiltak og satsing på fornybare energikilder. Redusert
198 energiforbruk vert ekstra viktig i ei tid med vedvarande høge straumprisar.

199
200 Vestland Ap vil styrke den mellombelse tilskotsordninga til energiøkonomisering hos
201 bedrifter og bustader for å gjere ho meir attraktiv og langsiktig. Det må i enno større
202 grad gjerast offentlege investeringar for å sikre effektiv energiøkonomisering, både i
203 offentlege og private bygg.

204
205 Det er dessutan eit stort unytta potensiale i å nytta til dømes solenergi og fjernvarme
206 på offentlege bygg og arbeidsplassar. Solenergi gjev auke i lokalprodusert energi
207 som ikkje vil belaste straumnettet, snarare avlaste det. Tiltaket vil kunne redusere
208 behovet for nye store vind- og vasskraftutbyggingar i fylket vårt og gje billegare
209 straum og billegare nettleige for hushaldningar og næringsliv.

210
211 Vestland Arbeiderparti vil arbeide for:

- 212 • Fleire tiltak og støtteordningar som bidreg til energiøkonomisering og
213 fornybare løysingar i private og offentlege bygg.
- 214 • Økt støtte til Enøk tiltak for bedrifter og privatpersoner, til dømes
215 varmepumpe, rentbrennende vedovn og etterisolering.
- 216 • Økte krav til energieffektivisering i nybygg.
- 217 • Å leggje betre til rette for meir lokal energiproduksjon.

218 **R 3 Helse og velferd**

219 *Ivaretar forslag nr. 26, 33, 36, 40, 45, 46, 48, 56, 61, 66, 67, 70, 71, 77, 79, 85, 101,*
220 *105, 106, 107, 108, 111, 112, 113, 122, 124, 125, 126, 127, 136, 137, 138, 139, 140,*
221 *141, 144, 167, 168, 172, 173, 174, 181*

222

223 **En human og rettferdig asylpolitikk**

224 Norge må føre en human og rettferdig asylpolitikk, som særlig ivaretar barn og
225 sårbare mennesker. Politikken som til enhver tid føres må være i tråd med våre
226 internasjonale forpliktelser og i samsvar med FNs høykommissær for flyktninger sine
227 anbefalinger.

228 For Arbeiderpartiet må barnets behov alltid vektlegges først. Barn skal behandles
229 med respekt og behandlingen skal ivareta barnas beste. I saker hvor foreldre
230 kommer med uriktige opplysninger er det viktig at dette ikke går utover barnet.
231 Arbeiderpartiet mener at det må være konsekvenser, men at det bør utredes for om
232 det skal være alternative sanksjoner enn å bli kastet ut av landet.

233 Arbeiderpartiet mener at de som søker asyl i Norge skal leve under verdige forhold.
234 Mennesker som er registrert som beboer i asylmottak og har sitt daglige opphold i
235 asylmottak har rett til stønad. I 2022 har asylsøkere 88,- dagen å leve for, og nesten
236 halvparten av asylsøkere i norske mottak oppgir at de opplever å være sulten. I en
237 tid der alt blir dyrere mener Arbeiderpartiet at også asylsøkeres stønad må dekke
238 grunnleggende behov, og ønsker derfor å doble stønaden fra 2688,- til 5376,- per
239 måned.

240 Veien for asylsøkere for å komme seg inn i det ordinære arbeidslivet er lang. Flere
241 asylsøkere blir værende i Norge over lang, lang tid uten å kunne ta arbeid eller motta
242 nødvendig helsehjelp. Dette meiner vi er å behandla menneske i en livskrise på en
243 uverdigg måte. Arbeiderpartiet mener at det må bli iverksatt ordninger som gjør at
244 asylsøkere og papirløse kan delta i arbeidslivet mens søknaden deres behandles. Å
245 få ta del av arbeidslivet bidrar til bedre integrering i samfunnet og at de blir ressurser
246 for velferdsstaten.

247 Vestland Arbeidarparti vil arbeide for:

- 248 ● At barnas beste skal gis avgjørende vekt i vurderingen av barnets og
- 249 familiens rett til opphold.
- 250 ● At behandlingstiden på asylsøknader reduseres
- 251 ● Utrede for alternative sanksjonsmuligheter i tilfeller der det foreligger uriktige
- 252 opplysninger fra foreldre, og samtidig et fastlagt beskyttelsesbehov.
- 253 ● Doble stønaden til beboere i asylmottak
- 254 ● Styrke aktivitetstilbudet for barn i asylmottak
- 255 ● At regjeringen får på plass ordninger som lar asylsøkere og papirløse ta del i
- 256 det ordinære anstendige arbeidslivet / arbeidsretta tiltak

- 257 • At papirløse flyktninger må få tilgang til nødvendige helsetjenester og
258 mulighet til fastlege.

259

260 **En sosialdemokratisk og solidarisk rusreform**

261 Rusavhengighet er et helseproblem, og må behandles som det. Ruspolitikken må
262 sette den enkeltes rett til et verdig helsetilbud i sentrum. Ingen bør straffes for å
263 være syk, og ruspolitikken bør legges opp slik at alle som bruker ulovlige rusmidler,
264 reelt sett har samme tilgang til offentlige helsetjenester og velferdstilbud som andre.
265 Bevilgningene til psykisk helsevern og rusbehandling må økes, og legges til rette for
266 en generell oppskalering av tilbudet.

267 Kriminalisering har ført til at personer med rusproblemer behandles dårligere enn
268 andre pasientgrupper. Avkriminalisering av bruk og besittelse og kjøp av mindre
269 mengder ulovlige rusmidler til eget bruk er derfor en forutsetning for å kunne yte den
270 enkelte best mulig helsehjelp. Samtidig er det viktig at samfunnet fortsatt sender et
271 tydelig signal på at ulovlig rusmiddelbruk er uakseptabelt, og at politiet er sikret
272 mulighet til å avdekke rusmiddelbruk og distribusjon og etterforske selgere.

273 **Mindretallsdissens ved Stian og Gaute fra linje 263 til 266:**

274 *Vestland Arbeiderparti ønsker en omlegging av de helse- og strafferettslige sidene av*
275 *dagens ruspolitikk, der personer med rusproblemer skal møtes med hjelp fremfor straff.*
276 *Vestland Arbeiderparti vil flytte ansvaret for samfunnets reaksjoner for bruk og besittelse*
277 *av narkotika fra justissektoren til helsetjenesten.*

278 Lovfestet rett til brukerrom er også et viktig komponent i en rusreform. I dag er det
279 opp til kommunene å beslutte om det skal være brukerrom i en kommune. Det betyr
280 at man i dag bare har et slikt tilbud i Bergen og Oslo. Dette er ikke en lik rett til
281 helsehjelp, som skal omfatte alle i samfunnet også de rusavhengige. Det trengs et
282 nasjonalt boligløft, for de som er rusavhengige. En god boligpolitikk må også gjelde
283 denne gruppen.

284 LAR må utvikles videre, det er positivt at det åpnes for flere legemidler og
285 legemiddelformer innenfor LAR, dette må styrkes ytterligere. I de store byene har
286 man innført ordning med lavterskel LAR der pasienten kan oppsøke tilbudet uten
287 henvisning fra lege eller andre, dette tilbudet må styrkes og utvides. Utvikle dagtilbud
288 som Mottak- og oppfølgningsssentrene i Bergen.

289 Vestland Arbeiderparti vil arbeide for at:

- 290 • Rusavhengige skal møtes med helsefaglig tilbud og hjelp – ikke straff
291 • Brukerdoser av narkotiske stoffer skal avkriminaliseres
292 • Politiet skal fremdeles kunne konfiskere og destruere ulovlige rusmidler
293 • Det fremdeles skal være straffbart å omsette ulovlige rusmidler
294 • Man ikke skal legalisere rusmidler.

- Avvikle ordningen hvor kommunene blir pålagt prøvetaking (rusmiddeltesting) ved rådgivende enhet for russaker.
- Det forebyggende arbeidet, samt tjenester flere rusavhengige benytter seg av, skal styrkes.
- At det ikke åpnes for mer bruk av tvang overfor personer som blir tatt for bruk av ulovlige rusmidler enn det som følger av gjeldende helselovgivning.
- At det tilrettelegges for flere møter mellom hver enkelt bruker og den kommunale rådgivende enheten, som en erstatning for ruskontrakter

Mindretallsdissens ved Stian og Gaute på kulepunkt 2.

Ein styrka finansieringsordning for kommunane

Finansieringa av kommunane bygger på fleire ulike prinsipp. Mykje av rammeoverføringane vert imidlertid basert på folketal og om ein har meir eller mindre vekst enn landssnittet. Dette er problematisk. Det er kommunane som har ansvaret for å gje gode velferdstenester til alle innbyggjarar. Det må vere mulig å halde oppe dette også om ein ikkje har folketalsvekst.

Framtidas eldreomsorg er basert på at folk skal bu i eigen bustad så lenge som råd. I dag sit det eldre som treng heimehjelp og bur i gamle bustader som ikkje er tilrettelagde for dei, som på ein eller annan måte har nedsett funksjonsevne. Kommunane står klare til å bygge nye omsorgsbustadar. Det er viktig at Arbeidarpartiet no synleggjer at vi tek dei eldre og pleietrengande på alvor, og syter for at dei kan få ein hjelp når dei verkeleg har behov for det.

Dei ressurskrevjande tenestene gjeld våre sjukaste innbyggjarar, og krev mykje av kommunane i form av både ressursar og kompetanse. Innslagspunktet for refusjon for såkalla ressurskrevjande brukarar har auka jamnt og trutt under Høgre-regjeringa, no er det på tide at innslagspunktet vert redusert monaleg. I tillegg må ein vurdere om aldersgrensa på 67 år kan bli justert opp.

Ein sunn kommuneøkonomi er eit av dei viktigaste momenta for å sikre gode strukturar for både unge og eldre. Levande lokalsamfunn med tilgang på universelt utforma bustader, grunnleggjande tenestetilbod, møteplassar, tilgang til kollektive transportmiddel og høve til å delta i frivillig arbeid vil legge til rette for at seniorane får bruke ressursane sine lengst mogeleg. Det er til beste for både dei sjølve og samfunnet. Med slike strukturar vil det bli mindre trong for personleg tilrettelagd hjelp.

Vestland Arbeidarparti vil arbeide for at:

- Kommuneøkonomien må styrkast, slik at ein særleg sikrar at også dei mindre kommunane skal kunne gje gode tenester.

- 333 • Rammene til Husbanken og refusjonsordningar vert auka, slik at kommunane
334 er i stand til å bygge nye omsorgsbustadar og sjukeheimar.
335 • Innslagspunktet for refusjon for såkalla ressurskrevjande brukarar vert
336 redusert, og øvre aldersgrense justert.
337 • Regjeringen må og fremje tiltak som styrkar tverrsektorielt kommunalt arbeid
338 til beste for eit meir aldersvenleg samfunn.

339

340 **Tannhelse**

341 I et land som Norge skal ikke størrelsen på lommeboka synes på tennene dine.
342 Tannhelse innenfor egenandelsordningen vil sikre at alle har råd til å ta vare på
343 tannhelsen. Hurdalsplattformen legger opp til en gradvis innføring av at tannhelse
344 skal bli gratis, på lik linje med andre helsetjenester. Dette er viktig for den enkelte og
345 god politikk for utjevning av sosial ulikhet. Regjeringen må prioritere dette arbeidet i
346 hvert statsbudsjett som legges fram.

347

348 Vestland Arbeidarparti vil arbeide for:

- 349 • At arbeidet med tannhelsereformen må prioriteres aktivt ved hver
350 budsjettframleggelse.
351 • At tannhelse må inn i egenandelsordningen i neste statsbudsjett for alle under
352 25 år.
353 • Å utvide ordningen med 5 og 5 år til målet om gratis tannhelse er nådd.
354 • Å ha som mål å innføre gratis tannbehandling for gravide.

355 **Kvinnehelse**

356 Kvinnehelse har vore og er underprioritert i norsk helsevesen. Dette gjeld både
357 kvinnehelse generelt, og svangerskapsrelaterte problemstillingar. Kunnskapsnivået
358 viser seg å vere lavt både i befolkninga og i helsevesenet. Relativt vanlege
359 kvinnesjukdomar, som td endometriose, vert i for liten grad utgreia og behandla, og
360 pasientar får difor nedsett livskvalitet og forringa evne til å delta i arbeid og sosialt liv.
361 Svært mange tilstandar artar seg annleis hos kvinner enn hos menn. Sidan det
362 meste av medisinsk forskning tradisjonelt har vore gjort på menn, går mange kvinner
363 unødig lenge med liding før dei vert diagnostisert og får nødvendig behandling.
364 Døme på dette er hjarteinfarkt og slag, ADHD og autismspektertilstander.

365 Offentleg gynekologteneste i distrikta er mange stader nesten fråverande. Dette set
366 også retten til nødvendig oppfølging ved både ønskt og uønskt svangerskap på spel.
367 Slik vil vi ikkje ha det. Vi vil at alle, også kvinner, skal ha likeverdig tilbod om
368 helsetenester.

369 Kvinnehelseutvalget kom nyleg med sin rapport. Denne er tydeleg på at det trengs
370 både auka fokus, auka kunnskap og auka status for kvinnehelse, og at dette må vere
371 finansiert.

372

373 Vestland Arbeidarparti vil arbeide for at:

- 374 • Det må avsetjast nødvendige midlar for auka satsing på kvinnehelse jamfør
- 375 75 tiltak frå kvinnehelseutvalet.
- 376 • Eigendelar ved behandling av kvinnesjukdomar må vere lik som for menn.
- 377 • Alle sjukehus, inkludert lokalsjukehus og lokalmedisinske senter må ha tilgang
- 378 til gynekolog for å kunne ivareta eit tilstrekkeleg tilbod til kvinner i alle deler av
- 379 landet.
- 380 • Særleg styrke fokus og kompetanse i hjelpeapparatet på autisme og ADHD
- 381 hos jenter/kvinner, for at ein kan avdekke dette så tidleg som råd.

382 **Kriminalomsorg/Justis**

383 Vald i nære relasjonar er eit stort og krevjande område, som berører både justis- og
384 helsesektoren. Regjeringa arbeider no med ein opptrappingsplan mot vald i nære
385 relasjonar. Fysisk, psykisk, materiell og økonomisk vald, barn som er vitne til vald og
386 negativ sosial kontroll/æresvald – alt dette må vere del av den samme planen.

387 Då Knut Storberget (Ap) var justisminister vart alle kommunar pålagde å ha eller
388 vere ein del av ein lokal handlingsplan mot vald i nære relasjonar. Ein er enno ikkje i
389 mål med dette.

390 Arbeiderpartiet må levere konkret innspel til justisministeren i arbeidet med
391 opptrappingsplanen med tydelege krav.

392 Norsk kriminalomsorg er på mange måtar ei suksesshistorie. Eit viktig element er at
393 innsette har rett til opplæring og helsetilbod på linje med andre i samfunnet. Denne
394 sosialdemokratiske bærebjelken i norsk straffegjennomføringspolitikk er under press.
395 Skal domfelde framleis kunne få opplæringa dei har rett på, er det nødvendig å legge
396 til rette for at dei kan oppnå læreplanmål med eit trygt og strengt regulert lukka
397 datasystem.

398 Overgangen frå fengsel til fridom vert lettere om forskjellen til livet utanfor fengselet
399 er mindre. Den norske straffegjennomføringspolitikken bygger på
400 normalitetsprinsippet, som mellom anna betyr å organisere for ein fengselskvardag
401 som i størst mogleg grad gjenspeglar samfunnet ute. Den domfelde vert behandla
402 medt mogleg som andre innbyggjarar og sikre lik kvalitet på tenestene.

403 Dette er særleg viktig når det gjelder opplæring. Kurs og arbeidstrening har stor verdi
404 i seg sjølv. Men formell opplæring og eit vitnemål eller kompetansebevis er det som
405 verkeleg kan opne dørene for arbeidslivet når ein blir sett fri. Læreplanen legg vekt
406 på digitale evner, og løysinga ein i dag brukar for å gi eit tilpassa og lukka
407 datasystem i fengsel er utdatert.

408 Det sit til einkvar tid i overkant av 200 kvinner i norske fengsel. Dette utgjør 5.2
409 prosent av alle innsette og er noko høgare enn snittet for kvinneandelen i fengsel i
410 Europa.

411 Internasjonal forskning viser at det lave talet kvinner i fengsel samanlikna med menn
412 ofte fører til at fengselsadministrasjon og fengsel primært blir organisert basert på
413 mannlege innsette sine behov. Dette viser seg mellom anna i fengselsarkitektur,
414 sikkerheit, tilgjengelege aktivitetar og helsetilbod.

415 I kriminalomsorga sin rettleiar heiter det at "kvinner skal så langt det er mogleg
416 gjennomføre fengselsopphald i eigne fengsel eller fengselsavdeling tilpassa kvinner".
417 Grunngevinga for dette er å lage gode og trygge soningsforhold for kvinner, hindre
418 uønska seksuell merksemd, eller utsette for press om sal av seksuelle tenester,
419 utnytting, trakassering og vald. Kvinner i fengsel har ofte eit enno dårlegare
420 utgangspunkt. Dei har oftare blitt utsette for overgrep og vald, har ubehandla
421 psykiske lidingar og problem med rus.

422 Dette krev særskild tilrettelegging i soningsforhold og at ein jobbar for å skape trygge
423 soningsforhold i heile Norge. Det er mangel på eigna soningsplassar for kvinner.
424 Dagens soningsforhold gir ikkje eit godt nok grunnlag for å sikre gode
425 rehabiliteringsforhold og struktur for å kome ut av kriminalitet.

426

427 **Vestland Arbeiderparti vil arbeide for:**

- 428 • At den komande opptrappingsplanen mot vald i nære relasjonar skal vere
- 429 forpliktande, konkret og finansiert
- 430 • Å oppretthalde retten til opplæring og normalitetsprinsippet i kriminalomsorga,
- 431 inkludert i møtet med digitaliseringa av samfunnet
- 432 • Eit eige kvinnefengsel i Vestland, til dømes i tilknytning til Bergen Fengsel,
- 433 som sikrar at kvinner får gode og trygge soningsforhold, og legg til rette for
- 434 god rehabilitering etter soning

435

436 **Psykisk helse**

437 God psykisk helse er viktig for at unge skal ha det bra og utvikle seg både sosialt og
438 når det gjeld læring. Etter pandemien ser ein at det er fleire unge som slit psykisk,
439 både med lette, moderate og alvorlege vanskar. Vi treng fleire lågterskel-tilbod i
440 kommunane og i dei vidaregåande skulane. Slik kan ein både forebygge vanskar og
441 hjelpe tidlegast mogleg.

442

443 **Vestland Arbeiderparti vil arbeide for å:**

- 444 • Innføre ein helsesjukepleiarreform i tråd med tilråding frå Helsedirektoratet.
- 445 • Styrke det tverrfaglege laget rundt eleven.
- 446 • Styrke lågterskeltilbod i kommunane.
- 447 • Styrke kompetansen om psykisk helse innan alle nivå av hjelpeapparatet.

448

449 **Legespesialisering**

450 Norge er avhengig av legar for å løyse fastlegekrisa. Slik systemet er no, må alle
451 ferdigutdanna medisinstudentar gjennom LIS1 for å begynne vidare spesialisering.
452 Det er for få stillingar, noko som skaper ein flaskehalseffekt, og gjer at kvalifiserte
453 legar sit unødvendig lenge i kø. Ved å auke antal LIS1-stillingar, vil ein kunne
454 utdanne fleire fastlegar og på den måten bidra til betre legedekning i
455 primærhelsetenesta. For å oppnå målet om å utdanne 80% av det norske
456 legebehovet i Norge, må også talet plassar på medisinstudiet aukast i tråd med
457 tilrådingane frå Grimstadutvalget sin rapport frå 2019. Dette må inkludere
458 Vestlandslegen i regi av Universitetet i Bergen og helseforetaka på Vestlandet.

459
460 Vestland Arbeidarparti vil arbeide for at:

- 461 • Talet LIS1-stillingar skal aukast i samsvar med tilråding frå Helsedirektoratet.
- 462 • Talet studieplassar på medisin skal aukast i tråd med tilrådingane frå
463 Grimstadutvalgets rapport (2019), inkludert innføring og utviding av
464 Vestlandslegen.

465 **En sosialpolitikk for vår tid**

466 Foreldre skal ikkje måtte velge mellom varme i huset eller mat til barna. SIFO sitt
467 referansebudsjett viser eit akseptabelt forbruksnivå som gjer det mogleg å følgje
468 offentlege helse- og kosthaldsanbefalingar.

470 Arbeiderpartiet skal vere garantisten for at flest mogleg kan klare seg sjølv. Eit
471 verkemiddel er å modernisere sosialpolitikken der det er nødvendig. Det er
472 krevjande tider for mange folk no. Sjølv dei som har arbeid med lave og middels
473 inntekter, kan slite med å få endane til å møtast når det generelle prisnivået aukar
474 samt at både drivstoff og straum i periodar vert svært dyrt.

475 Vestland Arbeidarparti vil arbeide for:

- 476 • Ein gjennomgang av den samla sosialpolitikken, der ein også vurderer å auke
477 både grunnbeløpet og barnetrygda
- 478 • At satsane for økonomisk sosialhjelp vert auka i samsvar med
479 Forbruksforskningsinstituttet (SIFO) sitt referansebudsjett.
- 480 • At innretningen og nivå på sosialytelser skal være slik at ingen som mottar
481 trygd i Norge må leve i fattigdom.

482 **Uførepensjon og dagpenger**

483 Intensjonen bak dagens regelverk knyttet til uføretrygd er at det skal lønne seg å
484 jobbe. Delvis uføre som mister sin deltidsjobb vil få redusert arbeidsledighetstrygd jfr
485 samordningsregelen i Folketrygdloven §4-25 som tilsier at dersom man har mottatt
486 uføretrygd de siste to årene, vil samlet utbetaling samordnes til «fulle dagpenger».
487 Dette betyr i praksis at mange delvis uføre ikke får opparbeidet seg rett til
488 dagpenger.

490 I dag kan du søke mellom 20 % og 50 % prosent uføregrad fra KLP, SPK eller andre
491 kommunale pensjonskasser. For å få uførepensjon av NAV må du være minst 50 %
492 ufør. Hvis du får innvilget uføretrygd fra NAV av etter en lavere uføregrad enn 50%,
493 vil den være basert på inntekten fra de fem siste årene. Uføretrygden fra
494 pensjonskassen inkluderes ikke i beregningene.

495
496 Vestland Arbeidarparti mener at:

- 497 • Delvis uføre må, på lik linje med andre i arbeid, kunne opparbeide seg
- 498 rettigheter til dagpenger, som ikke avkortes mot uføretrygd.
- 499 • Når NAV beregner uførepensjon, må det tas utgangspunkt i arbeids- og
- 500 eventuelt trygdeinntekt de tre beste av de fem siste årene før full uførhet.
- 501 • Mottatte uføreytelser fra pensjonskasser må inkluderes som arbeidsinntekt i
- 502 NAV sin beregning av uførepensjon

503 R 4 Internasjonalt

504 *Ivaretar forslag nummer 170, 171. 55, 116, 134*

505 **Fritt Palestina**

506 Siden 1948 har palestinere kjempet for frihet, rettferdighet og grunnleggende
507 menneskerettigheter. Likevel bryter israelske myndigheter folkeretten og
508 menneskerettighetene hver eneste dag gjennom en ulovlig okkupasjon. Langvarige
509 konflikter kan ikke normalisere grove menneskerettighetsbrudd.

510
511 Okkupasjonen, blokaden av Gaza og den folkerettsstridige muren gjennom
512 Vestbredden frarøver palestinere friheten over egne liv, men fører også til en
513 oppsplitting av Palestina som gjør etableringen av en selvstendig palestinsk stat
514 stadig vanskeligere. Vi krever handling fra norsk side.

515
516 Vestland Arbeiderparti vil arbeide for:

- 517 • At Norge skal anerkjenne Palestina som selvstendig stat.
- 518 • Norske myndigheter skal gå ut med aktiv oppfordring om å ikke importere
- 519 varer produsert på okkupert palestinsk land.

521 **Atomnedrustning**

522 Arbeiderpartiet er dypt bekymret for den økende risikoen som atomvåpen utsetter
523 oss for. Verden har flere ganger vært på randen av kjernefysisk katastrofe som
524 følge av spenninger, misforståelser, tekniske feil og ulykker. Å fortsette å satse på
525 kjernefysisk avskrekking setter livet på jorda i fare.

526
527 Norge har en sikkerhetsstrategi som omfatter atomvåpen. Vi har ikke atomvåpen
528 selv, men har erklært at andre stater kan besitte og true med å bruke atomvåpen på
529 våre vegne. Vi ser økte spenninger, fiendtlig retorikk og starten på et nytt

530 kjernefysisk våpenkappløp. Dette viser oss at eksisterende virkemidler og rettslige
531 rammeverk ikke fungerer godt nok.

532

533 Vestland Arbeiderparti vil arbeide for at:

- 534 • Norge skal være en aktiv pådriver for gjensidig atomnedrustning gjennom
535 internasjonalt samarbeid.

536

537 Forsvar

538 Det sikkerhetspolitiske landskapet har endret seg dramatisk de siste årene. Det er
539 krig i Europa, økende polarisering, stormakt-rivalisering og stadig flere demokratier
540 utfordres. Norge kan aldri stå imot en eventuell russisk invasjon åleine. Vårt
541 medlemskap i NATO tryggar vår fridom. Vi må uansett ta høgde for å kunne stå i mot
542 et angrep i en periode. Vi vil oppmode om at Sjøheimevernet vert oppattretta, lokalt
543 forsvar er viktige element for å overvåke og trygge den lange kysten og fjordene
544 våre.

545

546 Fra åpne kilder og rapporter konkluderes det med at dagens forsvarsstruktur er for
547 liten og har for lav utholdenhet. Forsvaret mangler kapasiteter, personell og
548 materiell. Norge er heller ikke i nærheten av å oppnå NATOs målsetting om 2% av
549 BNP (vedtatt av alle medlemsland).

550 De siste tiårene har forsvar og beredskap blitt nedprioritert. Gjeldende Langtidsplan
551 for Forsvaret er et tydelig bevis på dette.

552 Forsvaret skal ivareta Norges selvstendighet - våre verdier, trygghet og handelfrihet.
553 Det trengs derfor en kraftig styrking av Forsvaret. Arbeiderpartiet må være en
554 garantist for dette.

555

556 Vestland arbeiderparti vil jobbe for at:

- 557 • Forsvarets kampkraft skal styrkes betraktelig. Det må investeres i mer
558 personell, materiell og kapasiteter.
- 559 • Heimevernet må styrkastes med både personell og relevante tidsriktige
560 stridsmidler, og vurdere å gjenopprette Sjøheimevernet.
- 561 • Bevilgningene økes. Det må etableres en opptrappingsplan for å raskt nå
562 NATOs 2% mål.
- 563 • Forsvarsevnen skal utgjøre en reell krigsforebyggende terskel.
- 564 • Man ser på muligheten for å opprette et militært investeringsfond utenom det
565 årlige forsvarsbudsjettet. Et fond for innkjøp av utenlandsprodusert materiell
566 og våpensystemer.
- 567 • Det gjøres en skikkelig gjennomgang av objektsikkerhet i Olje- og
568 gassektoren. Det bør også ses på ivaretagelsen av objektsikkerheten knyttet
569 til tidligere privatisering av kritiske funksjoner og for forsvar.

570

571 **R 5 Næring**

572 *Ivaretek forslag nr. 43, 44, 53, 63, 93, 120, 133, 135, 153. Ivaretek delvis 29.*

573 **Eit meir robust skatte- og avgiftssystem**

574 Skattesystemet vårt er den økonomiske grunnplanken i finansieringa av
575 velferdsstaten, helsevesenet, sentral samfunnsinfrastruktur, forsvaret og tryggleiken i
576 samfunnet vårt. Difor er det viktig med eit skattesystem som har høg tillit, oppslutnad
577 og stor legitimitet. Arbeidet for å sikre dette må skje både internasjonalt og nasjonalt.

578
579 **Internasjonalt**

580 Verdsøkonomien vert stadig meir samanvevd. Store, multinasjonale selskap med
581 særskilt få tilsette og enorm omsetnad tek større plass i verdsøkonomien. Det vert meir
582 og meir krevjande å utforme rammeverk for nasjonal skatte- og avgiftspolitikkk utan å
583 ta omsyn til internasjonale forhold og rammevilkår.

584
585 Noreg er eit av dei rikaste, mest gjennomsluktige og demokratiske landa i verda.
586 Vestland Arbeidarparti meiner difor det kviler eit særskilt ansvar på Noreg for å gå i
587 fremste rekkje i arbeidet for ein meir rettvis, gjennomsluktig og demokratisk
588 internasjonal økonomi. Kampen mot skatteparadis og skjult eigarskap i utlandet må
589 intensiverast. Arbeidet med å avdekke skatteunndraging ved hjelp av
590 pengeplassering i utlandet må styrkast.

591
592 **Nasjonalt**

593 Hurdalsplattformen tek viktige og riktige grep for eit betre og meir robust skatte- og
594 avgiftssystem. Arbeidet er godt i gong med å gjere skatte- og avgiftssystemet meir
595 rettferdig og meir geografisk omfordelende, mellom anna ved å auke
596 fagforeiningsfrådraget, og ved at det klart er slått fast at det er dei mest høgast
597 inntekter som skal betale mest skatt. Dette er særskilt viktige grep, ikkje minst for å
598 sikre høg tillit til skatte- og avgiftssystemet.

599
600 Inntektsutjamningsutvalet har foreslått ei ny fordeling av inntektene mellom
601 kommunane, mellom anna ved å trekkje meir pengar frå vertskommunane for
602 vasskraftverka. Det er viktig at oppfølginga av Inntektsutjamningsutvalet si innstilling
603 sikrar styrka kommuneøkonomi, samstundes som det framleis må kome
604 kraftkommunane til gode at dei stiller naturressursane sine til disposisjon for
605 kraftproduksjon.

606
607 I det vidare arbeidet med å styrkje skatte- og avgiftssystemet vårt meiner Vestland
608 Arbeidarparti følgande er viktig:

- 609 • Økonomien vår må verte meir sirkulær, med eit skatte- og avgiftssystem som i
- 610 større grad verdset resirkulering, gjenbruk og meir effektiv ressursbruk.
- 611 • Eit prinsipp i skattesystemet må vere at summen av marginals-katten på
- 612 arbeidsinntekt skal ligge rundt 50%.

- Det må utgreiast ein generasjonsskatt, med eit høgt botnfrådrag.
- Det må utgreiast eit skattefrådrag for åleinebuande.

Betre vilkår for vestlandsbonden

Det typiske vestlandslandbruket skil seg frå landbruket mange andre stadar i landet, med små bruk og lite driftsareal. Landbruket på vestlandet er likevel eit viktig bidrag både til trygg matproduksjon, ivaretakinga av kulturlandskapa, sysselsetjinga, næringsmiddelindustrien og distriktpolitikken. Det er viktig at vestlandsbonden vert sikra gode rammevilkår.

Hovudlinjene i norsk landbrukspolitikk vert lagt i dialogen mellom jordbruksorganisasjonane og styresmaktene. Slik skal det framleis vere. Difor er det viktig at vestlandsbonden og vestlandslandbruket er høgt oppe på regjeringa si prioriteringsliste når det viktige arbeidet med å styrkje norsk landbruk skal vidareførast.

Vestland Arbeiderparti meiner det er viktig at:

- Det i større grad vert trekt veksar på erfaringar frå andre land kor rammevilkåra for landbruket liknar vestlandet sine rammevilkår, særskilt når det gjeldt smådriftsfordelar. Eit døme her er alpelandbruket i Austerrike.
- Forholda og rammene for økologisk landbruksproduksjon må styrkast. Her har vestlandslandbruket eit potensial som må utnyttast betre.
- Rammevilkåra for produksjon av «kortreist», uprosessert og mindre prosessert mat må verte betre. Det må mellom anna sjåast på om avgiftspolitikken for slike matvarer kan endrast. Slik kan det også verte enklare for konsumentane å velje sunne matvarer med positive helseeffektar.
- Lausdriftskravet må, når dette vert innført, kunne fråvikast der kor dyrevelferda tillèt det. Lausdriftskravet kan gjere det vanskelegare for bruk med små besetningar av dyr, og slik tvinge mange vestlandslandbruk ut av drift.
- Småskalaprodusentar står får lokal verdiskaping og mangfold og er viktig for å oppretthalde vestlandslandbruket og aktivitet i bygdene. Ein må legge til rette rammevilkår som stimulera til nye etableringar og som sikrar vekst og utvikling for eksisterande småskalaprodusentar.

R 6 Samferdsel

Ivaretek heilt eller delvis forslag nr. 21, 25, 30, 34, 50, 52, 58, 60, 64, 73, 75, 76, 80, 81, 91, 92, 96, 97, 98, 100, 128, 129, 132, 145, 151, 161 og 162.

Samferdsel – tryggleik og utvikling i heile Vestland

653 Årsmøtet sluttar seg til prioriteringane i det nyleg vedtekne fylkestingsprogrammet til
654 Vestland Arbeidarparti for 2023-27. Desse prioriteringane skal liggja til grunn for den
655 nasjonale og regionale samferdselspolitikken i Vestland fylke.

656
657 Vestland Arbeidarparti sine overordna mål for samferdselspolitikken er:

- 658 • Å prioritera liv og helse
- 659 • Å sikra gode, trygge og framkommelege vegar
- 660 • Å kutta utslepp for å løysa klimakrisa
- 661 • Å utvikla attraktive bu- og arbeidsmarknadsregionar som sikrar
- 662 konkurransekrafta i Vestland

663
664 **Vegnettet**

665 Gode, trygge og framkommelege vegar er avgjerande for at Vestland skal vera
666 attraktivt for både busetnad og næring. På fylkesvegane må særleg rassikring og
667 vedlikehald prioriterast, noko som krev forpliktande nasjonale planar som vert følgt
668 opp med tilstrekkelege løyvingar.

669
670 Riks- og europavegane spelar også ei avgjerande rolle for å knyte fylket vårt saman
671 internt og med andre regionar nord, sør og aust for oss. Me forventar at staten
672 prioriterer å bygge ut eit trygt, rassikkert, tenleg og effektivt overordna vegnett i fylket
673 vårt. For å nå klimamåla er det også naudsynt å byggja ut eit nettverk av
674 fyllestasjonar for ulike energiformer som hydrogen og biogass i tillegg til
675 ladestasjonar for elkøyretøy.

676
677 Bergen er hovudstaden i Vestland og knutepunktet som bind kysten saman med
678 indre deler av fylket. Innfartsårene til Bergen har store utfordringar på grunn av
679 mangel på kapasitet og moglegheiter for omkøyning. Bergen har dårlegast
680 trafikkavvikling blant dei norske storbyane. Derfor hastar det å komme i gong med
681 bygging av Bybanen til nye bydelar, ny Nordhordlandstunnell og E16 Ama-
682 Stanghelle.

683
684 Vegutbygging medfører arealinngrep som vil kunna gje auka klimagassutslepp og
685 tap av naturmangfald. I alle store motorvegprosjekt skal nedskalering vurderast for å
686 nå nasjonale målsettingar for klima og natur, og sikra naudsynte ressursar til
687 oppgradering, vedlikehald og rassikring av vegnettet.

688
689 **Kollektiv, sykkel og gange**

690 Norge og Vestland har sett ambisiøse klimamål fram til 2030 og 2050. Bergen er
691 også omfatta av nullvekstmålet for biltrafikk. Auka bruk av miljøvennleg
692 kollektivtransport, tilrettelegging for syklistar/gåande og gjennomtenkt by- og
693 tettstadplanlegging, spelar ei avgjerande rolle for å nå desse måla. Då må det
694 satsast vidare på utvikling av kollektivtransporten i Bergen, der
695 befolkningsgrunnlaget for kollektive løysingar er størst.

696
697 Utanfor storbyen vil auke i kollektivbruk krevje utvikling av nye og meir treffsikre
698 mobilitetskonsept i samarbeid med kommunane. Gode døme på dette er ringbuss
699 med regelmessige avgangar i dei større tettstadane og bydelane, samt gode tilbod
700 på bestillingsruter i meir spreiddbygde område. Best utvikling får vi dersom
701 innfartsparkering, sykkelveggar og gangveggar vert sett i samanheng med

702 kollektivtilbodet både i byar og tettstadar. Å leggja til rette for ei velfungerande og
703 miljøvenleg taxinæring er avgjerande der kollektivtilbodet er mangelfullt.

704
705 Eitt av våre viktigaste verktøy for å nå målet om nullvekst i biltrafikken i
706 Bergensområdet er bybanen. Vestland Arbeidarparti vil byggje bybanen til Åsane, og
707 er positiv til bybane til fleire bydelar i framtida.

708
709 Vestland Arbeidarparti vil satsa på jernbanen, flytta meir gods frå veg til bane og
710 byggja ut ein framtidsretta og konkurransedyktig Bergensbane. Oppsplitting av
711 jernbanen må stoppast, og vedlikehald og togsett prioriterast. Høgfartsbane på
712 utvalde strekningar bør vurderast.

713 714 **Sjø og luftfart**

715 Ferje og hurtigbåt er ein avgjerande del av samferdsletilbodet i store delar av
716 Vestland. Eit tenleg, rimeleg og miljøvenleg ferje- og hurtigbåttilbod som dekker
717 behova til folk og næringsliv er difor nødvendig for å sikre livskraftige lokalsamfunn.

718
719 Kortbanenettet for fly er ein viktig og nødvendig del av beredskapen og
720 kollektivtilbodet i distriktet. Eit godt og framtidsretta flytilbod må sikrast gjennom at
721 dei fem kortbaneflyplassane i fylket vert del av staten si flykjøpsordning (FOT).

722 723 **Nasjonal transportplan**

724 Vestland er det fremste eksportfylket og står for store inntekter til statskassa.
725 Vestland er også avgjerande for omstillinga Norge skal igjennom i åra som kjem.
726 Vestland Arbeidarparti meiner at Vestland fylke over tid har fått ein for liten del av dei
727 samla samferdslemlane.

728
729 Vestland Arbeidarparti krev at Vestland får ein større del av midlane i ny Nasjonal
730 transportplan (NTP). Samstundes tilsier situasjonen vi lever i nå tøffe prioriteringar.
731 For Vestland Arbeidarparti vil liv, helse og rassikring vera viktige omsyn i
732 prioriteringane av vegprosjektene i NTP. I samsvar med fylkestingsprogrammet og i
733 tråd med tidligare årsmøtevedtak vil me jobba for:

734
735 Nasjonale planar for rassikring og vedlikehold:

- 736 • Forpliktande nasjonal plan over 12 år for rassikring av fylkes- og riksvegar.
- 737 • Forpliktande nasjonal plan for å ta igjen vedlikehaldsetterslepet på
- 738 fylkesvegane.

739
740 Store samferdsleprosjekt:

- 741 • Kontinuerleg utbygging av bybanen med 70 % statleg finansiering. Starte
- 742 reforhandling av tilleggsavtale til Bybanen så snart reguleringsplanen er
- 743 vedtatt.
- 744 • Stad skipstunnel.

745
746 Europa- og riksvegprosjekt:

- 747 • Ny veg og bane mellom Bergen og Voss (K5).
- 748 • Ein opprusta og ferjefri E39 med gode koplingar til andre område i fylket.
- 749 • Eit effektivt og trygt vegnett i Bergensregionen, særleg E39 Vågsbotn-
- 750 Klauvaneset og RV555.
- 751 • Utbetring av aust-vest-sambanda: E16, E134, RV15 og RV7.

Kommentert [OHR51]:

Kommentert [OHR52]: Note to self: Sjekk linjenummer etter dette punktet!

- 752 • Utbetring av RV13 for å knyta indre Vestland saman, dette inneber vidare
753 reguleringsarbeide for Vikafjellstunnellen.
754
755 Allereie no er det prosjekt i gjeldande NTP som er klare for tildeling av midlar. Me
756 krev derfor at det snarast mogleg vert løyvd midlar til:
757 • Oppstart E134 Røldal-Seljestad (revidert statsbudsjett 2023).
758 • Oppstart E16 Arna-Stanghelle (statsbudsjett for 2024).
759 • Detaljregulering (2023) og klargjering for oppstart (2027) for Vågsbotn-
760 Klauvaneset.
761 • Kvalitetssikring (KS2) og klargjering til oppstart av E39 Hafstadfjellstunnelen
762 (2024).

763 R 7 Oppvekst og utdanning

764 **Barnehage** (26, 67, 71, 111)

765 Nok personale på avdelingane er avgjerande både for kvaliteten på
766 barnehagetilbodet, for at det alltid skal vere trygt for alle barn å vere i barnehagen og
767 for å sikre tilsette eit trygt og godt arbeidsmiljø. Bemanningsnorma krev at
768 barnehagane har ei grunnbemanning på minst ein tilsett per tre barn under 3 år og
769 ein tilsett per seks barn over 3 år. Grunnbemanninga må gjelde for heile opningstida.

770 Barnehagen skal ikkje berre vere ein trygg stad å vere, men skal og vere ein
771 lærings- og utviklingsarena for borna, der Rammeplanen set rammene for tilbodet.
772 Barnehagen skal og vere ein trygg og helsefremmande arbeidsplass for dei tilsette.

773 For barnehagebarn utgjør måltida i barnehagen ein vesentleg del av barnas inntak
774 av mat og drikke, enten maten er teken med, eller vert servert i barnehagen. Mat og
775 måltider i barnehagen har derfor stor betydning for barns kosthold og matvanar, og
776 kan ha stor betydning for fysisk og psykisk helse og sosial utjamning. Matservering i
777 barnehagen er ein del av det pedagogiske barnehagetilbodet med mykje god læring.
778 For å unngå sosiale forskjellar- må alle barn få servert god, sunn og variert mat i
779 barnehagen.

780 Finansieringsordninga for private barnehagar sikrar ikkje likebehandling mellom
781 kommunale og private barnehagar. Årsaker er meir omfattande oppfølgingstilbod i
782 mange kommunale barnehagar, dårlegare pensjonsordningar i private barnehagar,
783 høve til utbytte frå private barnehagar og ulike opptaksreglar.

784 Vestland arbeidarparti vil arbeide for at:

- 785 • Ein må få på plass ei lovregulering som sikrar at bemanningsnorma i
786 barnehagane gjeld for heile opningstida.
787 • Det må innførast matservering i alle barnehagar.
788 • Det trengs eit kontinuerleg forbetringsarbeid for å sikre reell likebehandling
789 mellom barnehagane våre.

791 **Grunnskule**

792 Lærarane og fagarbeidarane er berebjelkane for ein god skulegang og utdanning.
 793 Skulen skal vere ein arena for personleg og samfunnsmessig utvikling, der alle barn
 794 vert tekne på alvor og alle skal ha like føresetnader for å lykkast. Organisering av
 795 skulen kan både skape og reproducere sosiale skilnader. For å motverke sosiale
 796 skilnader må ein få tilstrekkeleg lærartettheit for å nå læringsmåla.

797 Meir praktisk, variert og aktiv læring i skulen vil gje meir motiverte elevar. Dei nye
 798 læreplanane legg opp til meir sosialisering, leik, moglegheiter for utandørs
 799 undervisning og sørgjer for meir elevmedverknad. Dette er viktig for elevane si trivsel
 800 og læring.

801 Det har lenge vore eit mål for Arbeiderpartiet at grunnskulen i Norge skal gje alle
 802 barn eit gratis heildagstilbod. Med innføringa av gratis SFO 12 timar per veke
 803 hausten 2022, så er vi på god veg til å innføre universell heildagsskule for alle.
 804 Arbeidarpartiet må jobbe vidare for gratis SFO for alle 1.-og 2.klassingar, uansett
 805 inntekt.

806 Vi veit at godt kosthald og gode måltidsvanar er grunnleggande for god helse og eit
 807 godt liv. Innføring av måltid i grunnskulen bør vere eit viktig mål for Arbeidarpartiet.
 808 Det er førebyggjande helsearbeid, sosial utjamning og gjev betre grunnlag for læring.

809 Barn og ungdom frå høgare sosioøkonomiske grupper deltek oftare i organiserte
 810 fritidsaktivitetar enn dei frå lågare. Skeiv sosial rekruttering skjer både på grunn av
 811 kultur og økonomi. Dei organiserte fritidsaktivitetane tilbyr ein arena for å møte andre
 812 born/ungdom og utvikle ferdigheiter.

813

814 Vestland arbeidarparti arbeide for at:

- 815 • Regjeringa fortset det gode arbeidet mot gratis SFO for alle 1.- og 2.
- 816 klassingar.
- 817 • Regjeringa må sette i verk ei gransking av kva verknader auka timebruk i
- 818 grunnskulen har hatt med omsyn til leik og frie aktivitetar som pedagogisk
- 819 verkemiddel.
- 820 • Det vert innført skulemat i grunnskulen.
- 821 • Fritidsaktivitetar må inn i skulen i aukande grad for å sikre like moglegheiter
- 822 for delta og motverke dei negative sosiale forskjellane manglande deltaking
- 823 gir.
- 824
- 825
- 826

827 **Videregåande skule**

828 Høyresidas urettferdige fraværsgrense har gjort at elevar som tidligare hadde høyt
 829 fravær, nå har økt fravær. Fraværsgrensen har medført mindre fravær, men har
 830 truffet skeivt ved at den ikke har redusert frafall i skolen. Fastlegekontorene i landet
 831 har de siste årene fått køer av elevar, som risikerer å stryke i et fag om de ikke får en

832 legeattest. Dette virker mot sin hensikt. Vi må ha tillit til at læreren kan finne
833 hensiktsmessige løsninger selv. Fraværsgrensa starter i feil ende og vi vil heller
834 sette i gang tidlige tiltak som forhindrer fravær. Vi mener at det eksisterende
835 lovverket for fravær må bli erstattet med et skolereglement hvor antall godkjente
836 læringssituasjon og helhetsvurdering fra lærer skal ligge til grunn, og at dagens
837 rigide fraværsgrense fjernes.

838

839 Vestland arbeiderparti vil arbeide for å:

- 840 • Fjerne dagens fraværsgrense.
- 841 • Innføre eit nytt og forbetra regelverk om fråvær i vidaregåande opplæring for å
842 bidra til auka gjennomføringAt elever skal kunne stryke timesfravær, og ikke
843 bare dager.
- 844 • Innføre politisk fravær i ungdomsskolen.
- 845 • Kutte ned på testregiment i skulen, og legge vekt på testing for å legge til rette
846 for læring, og ikke ha læring for testing.

847

848 Mange elevar i den vidaregåande skulen har lang reiseveg til nærmaste skule.
849 Pendling medfører både slitasje og at dei går glipp av mange sosiale aktivitetetar.
850 For dei som bur på hybel er høge leigeutgifter ei utfordring.

851

852 Vestland arbeidarparti vil arbeide for at:

- 853 • Bortebuarstipendet bør aukast for elevar med ufrivillig lang reiseveg.

854 Mange utenlandske studenter slår seg ned i Bergen og Vestland etter endte studier.
855 Det er viktig for Bergen å trekke til seg kompetanse fra utlandet. Hvis vi dropper
856 studentavgift for utenlandske studenter, vil vi lettere kunne trekke til oss flere
857 utenlandske studenter.

858

859 Vestland arbeiderparti vil arbeide for å:

- 860 • Reversere innføring av skolepenger for utenlandske studenter utenfor EU og
861 EØS.

862

Innkomne forslag

863 **Forslag nr. 21**

864 Arbeiderpartiet i Bergen

865

866 Begrunnelse:

867 Arbeiderpartiet i Bergen ønsker en utvikling der kollektiv, sykkel og gange i langt
868 større grad skal bli et alternativ til bilbruk. Vi vil prioritere bybanen til Åsane og vil
869 sikre en videre utbygging av bybanen til alle bydeler. Arbeiderpartiet i Bergen vil
870 bygge en helhetlig sykkelstamvei som også hensyntar grøntområder, kulturmiljø,
871 vann og utbygde eiendommer.
872 Arbeiderpartiet i Bergen berømmer regjeringen for å ha stanset privatisering av drift
873 og vedlikehold av jernbanens infrastruktur, og for å ta det utskilte selskapet Spordrift
874 inn igjen i Bane Nor. Vi trenger en regjering som kan gjenskepe kan gi tillit til en god
875 jernbanedrift i Norge. Vi vil satse på jernbanen og flytte mer godstransport over fra
876 vei til bane.

877

878 Forslag:

879 Vestland arbeiderparti mener at:

- 880 • Miljøvennlige transportløsninger som tog, bybane og elektriske busser skal
- 881 være bærende elementer i kollektivtransporten.
- 882 • Sykkel og gange må prioriteres for å få ned klimagassutslippene og skape
- 883 bedre bymiljø.
- 884 • Stanse og reversere oppsplitting av jernbanen
- 885 • Jernbanesektoren må reorganiseres og bevilgninger til vedlikehold av
- 886 infrastruktur og togsett prioriteres.

887

888 Innstilling: Ivarettatt i R6 Samferdsel

889

890 **Forslag nr. 22**

891 Gloppen Arbeiderparti

892

893 Begrunnelse:

894 Gloppen AP meiner at Staten skal ha ei sterk og tydeleg rolle i det grønne skiftet når
895 det gjeld fremskaffing av ny fornybar energi, sysselsetting, industri og fordeling.
896 Dersom desse interessene ikkje vert ivareteke så vil det grønne skiftet feile.
897 Kommunal vetorett er ikkje eigna til å løyse nasjonale utfordringar korkje innan
898 energi eller samferdsel.

899

900 Forslag:

901 Klima og energiomstilling er ei av vår tids største utfordringar. Politikk som skal møte
902 utfordringane innan miljø, klima og energi må ta omsyn til sosial rettferdigheit og

903 næringspolitikk. Sosial rettferdigheit, sysselsetting og næringspolitikk krev tilgang på
904 store mengder energi til lågast mogeleg pris. Arbeiderpartiet må difor prioritere
905 utbygging av fornybar energi; vasskraft, landbasert vindkraft, botnfast og flytande
906 havvind og solkraft; med lågast mogeleg energikostnad og miljøpåverknad.
907 Energisparing og effektivisering hos hushaldningane og næringslivet er og ein viktig
908 del av løysinga.

909
910 Innstilling: Ivaretatt i R2 Energi for ei ny tid
911

912 **Forslag nr. 23**

913 Askvoll og Fjaler Arbeidarparti

914
915 Begrunnelse:
916 Det innsendte dokumentet er handsama av Fjaler A og Askvoll AP, så det er eit
917 fellesforslag.

918
919 Forslag:
920 Tre forslag til årsmøtet i Vestland AP frå felles årsmøte Askvoll og Fjaler AP. 1.
921 februar 2023

922 Initiativ og tiltak frå regjeringa som gjev dyre utslag for kommunane

923
924
925 Gode tiltak og ordningar sett i verk av Arbeidarparti/Senterpartiregjering, slik 12 timar
926 gratis SFO for 1. og 2. klassingar frå hausten, gjev svært uheldige økonomiske
927 konsekvensar for oss som bur i ein kommune med lange avstandar. Overføringane
928 tek berre høgde for tal barn og at dei kan plasserast på ein skule, ikkje at vi har 4
929 SFOar i kommunen og kvar av dei må ha minst ein tilsett. Vi har høve til å krevje
930 foreldrebetaling som dekkar SFO-drifta, men dei resterande timane vil då verte svært
931 dyre for foreldra, noko som ikkje er intensjonen med tiltaket frå regjeringa si side.

932
933 Gode tiltak som blir sette i verk MÅ ta høgde for geografi, folketal og avstand. Dette
934 gjeld ikkje berre SFO, men vi brukar dette som eit døme.

935
936 Innstilling: Ivaretatt i R3 Helse og velferd
937

938 **Forslag nr. 24**

939 Askvoll og Fjaler Arbeidarparti

940
941 Begrunnelse:
942 Det innsendte dokumentet er handsama av Fjaler A og ASkvoll AP, så det er eit
943 fellesforslag.

944
945 Forslag:
946 Tre forslag til årsmøtet i Vestland AP frå felles årsmøte Askvoll og Fjaler AP. 1.
947 februar 2023
948
949 Kredittkortselskap og andre lånehaiar si utnytting av svake grupper i samfunnet
950
951 Bankane og andre verksemdar som låner ut pengar utan sikring, MÅ ikkje ha høve til
952 å låne ut til folk som ikkje har evne til å betale. Det finst allereie eit gjeldsregister,
953 men det ser ikkje ut som dette hindrar folk utan betalingsevne i å få lån.
954
955 Det bør også vere ei mykje sterkare regulering på korleis utleigarar av husrom til
956 studentar sikrar seg gjennom depositum. Ein skal ikkje måtte ta opp eit usikra
957 forbrukslån med skyhøg rente som det første ein gjer når ein startar som ny student,
958 for å få seg tak over hovudet.
959
960 Det er også påvist at mykje gjeld kan føre til dårleg psykisk helse. Det å hindre at
961 folk kan tene pengar på andre si ulykke, er eit samfunnsoppdrag som vi bør kunne
962 gjennomføre og stå for som eit sosialdemokratisk parti.
963
964 Innstilling: Delvis gjennom Forslag 117

965 **Forslag nr. 25**

966 Askvoll og Fjaler Arbeidarparti
967
968 Begrunnelse:
969 Det innsendte dokumentet er handsama av Fjaler A og ASKvoll AP, så det er eit
970 fellesforslag.
971
972 Forslag:
973 Tre forslag til årsmøtet i Vestland AP frå felles årsmøte Askvoll og Fjaler AP. 1.
974 februar 2023
975
976 Kollektivtilbod i distrikta
977
978 Vi bør vere med på å utvikle innovative initiativ som sikrar gode kollektivtilbod i
979 distrikta.
980
981 Innstilling: Ivaretatt i R6 Samferdsel
982

983 **Forslag nr. 26**

984 Vik Arbeiderparti

985
986 Begrunnelse:
987 Slik lovreguleringa er i dag, viser bemanningsnorma til tal på årsverk som må
988 tilsetjast når det er klart kor mange barn som skal gå i barnehagen. Dette fører til at
989 norma fungerer meir som ei papirnorm enn ei sikring av nok personale for det
990 einskilte barn til ei kvar tid. Dagens lovregulering sikrar ikkje bruk av vikar ved
991 fråvær av personale. Regjeringa har i Hurdalsplattformen som mål å betre
992 bemanningsnorma ved, mellom anna, å stille krav til vikarbruk. Vik Arbeiderparti
993 meiner vi må få på plass ei lovregulering der bemanningsnorma må gjelde kvar dag,
994 i tillegg til å gjelde årsverk knytt til tal på barn som skal gå i barnehagen. Dette vil
995 føre til krav om vikarbruk ved fråvær av personale. Nok personale på avdelingane er
996 avgjerande både for kvaliteten på barnehagetilbodet, for at det alltid skal vere trygt
997 for alle barn å vere i barnehagen og for å sikre tilsette eit trygt og godt arbeidsmiljø.
998 Barnehagen skal ikkje berre vere ein trygg stad å vere, men skal og vere ein
999 lærings- og utviklingsarena for borna, der Rammeplanen set rammene for tilbodet.
1000 Barnehagen skal og vere ein trygg og helsefremmande arbeidsplass for dei tilsette.
1001 Nok bemanning er avgjerande for å unngå stress og ein arbeidskvardag som vert for
1002 krevjande å stå i. Arbeiderpartiet sitt mål må vere å sikre vikar ved fråvær og at
1003 bemanningsnorma vert oppfylt dagleg. Vik Arbeiderparti meiner at ei slik
1004 lovregulering vil vere eit steg på vegen for å styrke bemanninga i alle barnehagar.

1005
1006 Forslag:
1007 Ei bemanningsnorm som fungerer i barnehagekvardagen. Det må jobbast for å få på
1008 plass ei lovregulering som sikrar at bemanningsnorma i barnehagane gjeld kvar dag.
1009 Dette for å sikre at det er nok vaksne på avdelingane, sjølv om tilsette har plantid,
1010 deltek på møte, er sjuke eller er vekke av andre grunnar. Slik bemanningsnorma no
1011 fungerer, er barnehagane i for stor grad underbemanna, noko som går sterkt ut over
1012 kvaliteten både på barnehagetilbodet og arbeidsmiljøet til dei tilsette.

1013
1014 Innstilling: Ivaretatt i R3 Helse og velferd
1015

1016 **Forslag nr. 27**

1017 Vik Arbeiderparti

1018
1019 Begrunnelse:
1020 Som fylgje av elektrifisering av biler, båtar, fly, ferjer og ikkje minst framtidig ny
1021 industri, vert det mangel på elektrisk kraft for å ta nye steg i det grøne skifte. I tillegg
1022 fører elektrifiseringa, auka kraftproduksjon og auke kraftutveksling med utlandet til
1023 kapasitetsproblem i straumnettet som krev store investeringar. Det er eit stort unytta
1024 potensiale i å nytta solenergi på tak-/vegg-overflater på offentlege bygg og
1025 næringsbygg over heile landet. Dette gjeld særleg nybygg, men også ved
1026 fasadeendringar / renovering / ombygging av eksisterande bygg. Påbod om bruk

1027 solenergi vil gjev auke i lokalprodusert energi som ikkje vil belaste straumnettet,
1028 snarare avlaste det. Tiltaket vil kunne redusere behovet for nye store vind- og
1029 vasskraftutbyggingar og det vil redusere investeringane i kraftoverføringa over heile
1030 landet. På sikt vil tiltaket både gje billegare straum og billegare nettleige for
1031 hushaldningar og næringsliv.
1032
1033 Forslag:
1034 Det bør bli påbod om å installere solfangarar eller solceller på alle nye bygg og ved
1035 omfattande renovering av bygg. Påbodet skal gjelda for offentlege bygg og
1036 næringsbygg med grunnflate over 500kvm. Gode statlege tilskotsordningar gjennom
1037 Enova er ein føresetnad.
1038
1039 Innstilling: Ivaretatt i R2 Energi for ei ny tid
1040

1041 **Forslag nr. 28**

1042 Vik Arbeiderparti

1043
1044 Begrunnelse:

1045 Det er enorm interesse for elektrifisering innan alle samfunnsområde, og det hastar å
1046 byggje ut meir fornybar energi. Energikommisjonen meiner Norge treng 40TWh ny
1047 fornybar energi innan 2034 og Statnett har varsla Olje- og energidepartementet om
1048 at den nasjo-nale energibalansen er forventa å bli negativ i 2027. Prisauke på
1049 innsatsfaktorar, krig i Europa og globale verknader av Covid-19 har pressa
1050 utbyggingsprisar og rentekostnader betydeleg opp, og skapar stor usikkerheit om
1051 framtidig lønsemd. Utbyggingsprisen ligg i dag på mellom 5 og 7 kr/kWh på nye
1052 kraftanlegg og dette gjev eit kapitalbehov på 250 milliard kr. Det er difor eit paradoks
1053 at produsentar av fornybar energi har fått eit betydeleg høgare skattetrykk enn
1054 tidlegare. Dette er midlar som kunne ha vore brukt til investeringar.
1055 Grunnrenteskatten må tilbake på 2021-nivå og høgprisbidraget må fjernast.
1056 Ytterlegare tiltak som høgare frådrag frå friinntekter og avskrivningar på investeringar
1057 på lik linje med petroleumsnæringa må også vurderast. Dette for å stimulere
1058 kapitalkjelder til å prioritere fornybar energiproduksjon.
1059

1060 Forslag:

1061 Skal målet om 40TWh ny fornybar energi innan 2030 realiserast trengs det stabile og
1062 gode rammer som legg til rette for investeringar i vasskraft. For å nå dette målet må
1063 minst 250 milliardar kroner investerast. Skattesystemet må innrettast slik at det blir
1064 investert både i anlegg som gjev ny produksjon og i effektanlegg som kan balansere
1065 uregulerbar vindkraft og elvekraft.
1066

1067 Innstilling: Ivaretatt i R2 Energi for ei ny tid
1068

1069 **Forslag nr. 29**

1070 Vik Arbeiderparti

1071

1072 Begrunnelse:

1073 Finansieringa av den norske velferdsstaten krev eit høg skatteinngong. I denne
1074 samanheng må ein ikkje berre sjå på delen av kaka staten kan ta, men også korleis
1075 ein kan gjera kaka større. Ei viktig brikke er at alle som kan arbeider i 100% stilling,
1076 spesielt med dei med årsløner over 800.000 kr. I denne gruppa finn ein høgt utdanna
1077 med lang erfaring, yrkesarbeidarar og vellukka gründerar som står på dag og natt
1078 m.m. Gruppa er stor, 11,5% av lønnsinntakane, og dei har høg produktivitet.
1079 Dersom høgt løna arbeidstakarar vel å byte ein arbeidsdag med fri, vil staten i dag ta
1080 60% av rekninga i form av tapt skatt og det fører til mindre økonomisk vekst. Det er
1081 heilt rett at dei som tener mest også skal bidra mest til fellesskapet, men det går ei
1082 grense for kor mykje skatt folk er villige til å betale av den siste krona dei tener. Å
1083 ytterlegare auke inntektsskattane for dei høgtlønte for å kompensere for mindre
1084 skatteinngang vil gjere situasjonen endå verre. Reduksjon i talet på offentlege
1085 fridagar, som Danmark gjorde i desember i 2022, vil ramme alle.

1086

1087 Forslag:

1088 Marginalskatt på inntekt, summen av toppskatt og arbeidsgjevaravgift, må ikkje
1089 overstige 50% uansett inntekt. Med ein stadig mindre del av befolkninga i
1090 lønnsarbeid er det ein føresetnad for å oppretthalde velferdsstaten slik me kjenner
1091 den at flest moglege arbeider 100%. Dagens skatteregime gjer at staten tek nær
1092 60% av kostnaden når høgt løna grupper tek ein dag fri i veka.

1093

1094 Innstilling: Ivaretatt i R5 Næring

1095

1096 **Forslag nr. 30**

1097 Vik Arbeiderparti

1098

1099 Begrunnelse:

1100 Rv13 mellom Vik og Voss er landets mest stengte riksveg. Rett før regjeringsskiftet,
1101 overførte Hareide fleire utbetnings-strekningar frå Statens vegvesen til Nye Veier AS.
1102 Ei av desse var riksveg 13 frå Skare til Sogndal, og strekninga Vinje – Sogndal
1103 inngår i denne strekninga. Her finn me også rv.13 Vikafjellet, som er høgast
1104 prioriterte vegtiltak i Sogn. Det er styret i Nye Veier AS som skal prioritere
1105 rekkefølga på prosjekta dei har fått tildelt, mellom anna ut frå samfunnsøkonomisk
1106 nytte. I Nye Veier AS sitt oppdrag på utbetningsstrekningane, heiter det at dei skal
1107 prioritere investeringar som reduserer skredfare og gir vegen ein akseptabel
1108 minstestandard. Vegen frå Vik til Voss, med framtidig Vikafjellstunnel, er sentral for
1109 å sikra eit livskraftig lokalsamfunn i Vik og Sogneregionen. Og i tillegg ei sers viktig
1110 ferdselsåre for Vestland, mellom Sogn - Voss, Hardanger og Bergen, samt ein sær

1111 viktig omkøyringsveg for E16. I strekninga som er tildelt Nye Veier AS på riksveg 13,
1112 inngår kring 30 skredpunkt, med stadvis smal vegbreidde og vanskeleg framkome.
1113 Fleire av skredpunkta med høgast skredfaktor og vanskeleg framkome, vil bli avløyst
1114 med tunnel. Vikjafjellstunnelen vil være avgjerande for forsvarleg beredskap for Vik
1115 Kommune. Stengt fjell og værstengete ferjer gir isolert kommune.

1116
1117 Forslag:
1118 I samsvar med lovnader og vedtak frå Ap og Sp i handsaming av NTP våren 2021,
1119 krev Vik Arbeiderparti at Vikjafjellstunnelen kjem inn som bunde prosjekt i NTP ved
1120 komande rullering, 2024. Stortinget må løyva naudsynte øymerka
1121 planleggingsmidlar til prosjektet, slik at oppstart kjem i gang snarast.

1122
1123 Innstilling: Ivaretatt i R6 Samferdsel
1124

1125 **Forslag nr. 31**

1126 Vik Arbeiderparti

1127
1128 Begrunnelse:
1129 I EU er det krav til funksjonelt skilje for nettføretak med meir enn 100.000 kundar.
1130 Grunngevinga var fare for at store selskap kunne manipulera marknaden.
1131 Det er unødvendig å påtvinga nettføretak i Noreg meir byråkrati enn i EU. Olje- og
1132 energidepartementet sende difor framlegg til endring på høyring 14. september
1133 2022. Det er komme 22 høyringssvar, 17 av desse stettar framlegget.
1134 Ei låg grense er byråkratiserande, fordyrande og hindrar smådriftsfordeler og
1135 fleksibilitet. Administrasjonskostnadene aukar, noko som går ut over innovasjon og
1136 verdiskaping. Å pålegge dei mindre selskapa høgare kostnader aukar nettleiga, og
1137 forsterkar presset for å slå seg saman i større einingar. Samtidig dreg dei store
1138 aktørane fordel av at mindre selskap ikkje får nytta kompetanse effektivt på tvers av
1139 fagområde. Vi er uroa for at dette fører til at distrikta si evne til å tiltrekka seg
1140 kompetent arbeidskraft, lokale lære plassar og ein god beredskap med bakgrunn i
1141 nærleik og lokal kompetanse, blir skadelidande.

1142
1143 Forslag:
1144 Regjeringa sitt framlegg til endring i kravet om funksjonelt skilje etter energilova §4-7
1145 må gjennomførast. I høyringsnotatet frå 14. september 2022 er det føreslege at
1146 grensa i §4-7 vert heva til nettføretak med 100.000 eller fleire nettkundar. Heving av
1147 grensa vil redusere byråkrati og fremja utvikling og effektiv og rasjonell drift.

1148
1149 Innstilling: Ivaretatt gjennom pågående lovarbeid.
1150

1151 **Forslag nr. 32**

1152 Vik Arbeiderparti

1153

1154 Begrunnelse:

1155 Utfordringane med mangel på arbeidskraft kan vera ein sterk trussel mot å bevare
1156 folketalet og oppretthalde bygdene. Mangel på kvalifiserte søkjarar med høgare
1157 utdanning til til dømes lærarstillingar i barnehage og skule er ei aukande utfordring,
1158 og utan til dømes legar og sjukepleiarar, vil det verta redusert tryggleik i
1159 kommunane. Klarer vi ikkje å skaffe nok personell inn
1160 i dei kommunale yrka, vil lokale lønsskilnadar verke kanibalisierende. Ein generell
1161 sentral
1162 lønsauke vil difor ha best effekt. Vik Arbeiderparti meiner at ein i kommunal sektor er
1163 komen til eit punkt der alvoret i mangelen på kvalifisert arbeidskraft må gjerast noko
1164 med. Om det ikkje vert sett igong tiltak for å betre på situasjonen vil ein i kommunal
1165 sektor ikkje lenger vere i stand til å utføre lovpålagde oppgåver på ein trygg og
1166 forsvarleg måte. Trykket på dei som arbeider i offentleg sektor er stort og kan ikkje
1167 vedvare over tid. Vik Arbeiderparti meiner difor at ein på kort sikt må auke løna til
1168 offentleg tilsette og på lenger sikt må setje i verk målretta tiltak for å få utdanna fleire
1169 til stillingar innan plan og forvaltning, helse og oppvekst.

1170

1171 Forslag:

1172 Utfordringane med å rekruttere kvalifisert arbeidskraft i kommunane, fører til trong for
1173 å auke løna til kommunalt tilsette. Kommunane får stadig større utfordringar med å
1174 rekruttere tilsette til ledige stillingar. Det gjeld både fagarbeidarstillingar og stillingar
1175 med krav om høgskuleutdanning. Det gjer at løna i kommunal sektor må aukast, for
1176 at ungdommar og andre skal velje seg utdanningar retta mot kommunale stillingar,
1177 og for at tilsette i kommunal sektor skal verte verande.

1178

1179 Innstilling: Ivaretatt i R1 Arbeidsliv

1180

1181 **Forslag nr. 33**

1182 Årdal Arbeiderparti

1183

1184 Begrunnelse:

1185 SIFO sitt referansebudsjett viser eit akseptabelt forbruksnivå som gjer det mogleg å
1186 følgje
1187 offentlege helse- og kosthaldsanbefalingar. Når satsane for sosialhjelp er 10.000
1188 kroner
1189 lågare enn dette for ein vanleg kjernefamilie, endar vi opp med å låse familiane i
1190 fattigdom.

1191

1192 Forslag:

1193 Vestland Arbeiderparti ber om at satsane for økonomisk sosialhjelp vert auka i
1194 samsvar med Forbruksforskningsinstituttet (SIFO) sitt referansebudsjett.

1195

1196 Innstilling: Ivaretatt i R3 Helse og velferd

1197

1198 **Forslag nr. 34**

1199 Årdal Arbeiderparti

1200

1201 Begrunnelse:

1202 Me treng å prioritera liv og helse, folk skal føla seg trygge på vegane våre.

1203 Nasjonal rassikringsgruppe har vist fram det store vedlikehaldsetterslepet. Me treng
1204 meir midlar for å nå dette målet innan rimeleg tid.

1205

1206 Forslag:

1207 Rassikring og oppgradering av vegane våre.

1208 Meir midlar til rassikring på vegane våre. Spesielt fylkesvegane treng rassikring og
1209 oppgradering.

1210

1211 Innstilling: Ivaretatt i R6 Samferdsel

1212

1213 **Forslag nr. 35**

1214 Kinn Arbeiderparti

1215

1216 Begrunnelse:

1217 Elkraftprisen – nye tiltak nødvendig nå!

1218 Det er nå på tide å etablere et system som gir norske forbrukere forutsigbar og lav
1219 strømpris. Å ha et eget innenriks strømmarked, uavhengig av gassprisen, kan være
1220 en vei. Det forventes uansett at regjeringen snarest kommer med en ny og bedre
1221 prissettingsmodell.

1222

1223 Forslag:

1224 Situasjonen i elkraftmarkedet er i dag uforutsigbar og preget av høy pris.

1225 Regjeringen innførte strømstøtte som et strakstiltak for private husholdninger. Dette
1226 var et tiltak som var effektivt på kort sikt, men kun ment som en midlertidig ordning. I
1227 Norge har vi i alle år tilpasset oss til en lav, stabil pris på elektrisk kraft. Det har vært
1228 fundamentet for både privat og kommersiell bruk. Det norske samfunnet har
1229 sammen bygd opp den infrastrukturen vi har på vannkraft. Situasjonen i dag er at vi
1230 har en høy og ustabil prising av elektrisk kraft. Elkraft prises opp mot det europeiske
1231 gassmarkedet. Mye av situasjonen skyldes utvilsomt krigen som Putin startet i
1232 Ukraina, med de grusomme menneskelige følgene det har fått. På den annen side
1233 virker det svært urimelig at den norske forbruker skal betale høyere og langt på vei

1234 uforutsigbar pris på strøm når Sverige stopper kraftverk for vedlikehold. Det speiler
1235 på mange måter en prismodell som få i Norge synes er fornuftig.
1236 Det er pekt på at vi trenger mer kraft i den grønne omstillingen vi er i gang med.
1237 Derfor må vi parallelt se på mulighetene for å effektivisere eksisterende kraftverk og
1238 etablere andre kilder basert på vind og sol. Regjeringen har instruert
1239 elkraftprodusentene i Norge til å holde igjen på eksport av elkraft når det er fare for
1240 mangel i landet. At elkraftbransjen faktisk må få en slik beskjed, som skulle vært helt
1241 unødvendig, viser hvor dårlig dagens prissetting fungerer.
1242
1243 Innstilling: Ivaretatt i R2 Energipolitikk for ei ny tid
1244

1245 **Forslag nr. 36**

1246 Kinn Arbeiderparti

1247

1248 Begrunnelse:

1249 Heildagsskule. Kinn Arbeidarparti ynskjer regjeringa fortset det gode arbeidet mot
1250 ein gratis heildagsskule for alle.

1251

1252 Forslag:

1253 Det har lenge vore eit mål for Arbeiderpartiet at grunnskulen i Norge skal gje alle
1254 barn eit gratis heildagstilbod. Dei fleste barn i Norge går på SFO etter skuletid i 1. og
1255 2.klasse, men mange familiar med låg inntekt har ikkje hatt råd til å benytte SFO og
1256 barna må gå heim att når skulen er ferdig cirka klokka 12:00. Mykje læring, leik og
1257 sosialt fellesskap skjer i SFO-tida og borna vert utelatt frå alt dette, berre på grunn
1258 av familien sin økonomi. Dette har skapt eit skilje blandt 6-7-8-åringane som
1259 Arbeiderpartiet ikkje kan vere bekjent av. Med innføringa av gratis SFO 12 timar per
1260 veke hausten 2022, så er vi på god veg til å innføre universell heildagsskule for alle.
1261 Kinn Arbeidarparti ber Regjeringa om å ikkje stoppe arbeidet her, men å jobbe vidare
1262 for gratis SFO og alle 1.-og 2.klassingar, uansett inntekt. Først då kan vi seie at vi
1263 har fått ein gratis og inkluderande heildagsskule i Norge.

1264

1265 Innstilling: Ivaretatt i R3 Helse og velferd

1266

1267 **Forslag nr. 37**

1268 Kinn Arbeiderparti

1269

1270 Begrunnelse:

1271 Elkraftpris - nye tiltak nødvendig nå! Vi forventer at regjeringen snarest kommer med
1272 en ny og bedre prissettingsmodell. Situasjonen i elkraftmarkedet er i dag uforutsigbar
1273 og preget av høy pris. Regjeringen har instruert elkraftprodusentene i Norge til å

1274 holde igjen på eksport når det er fare for mangel i landet. Det skulle vært helt
1275 unødvendig og viser hvor dårlig dagens prissetting fungerer.
1276
1277 Forslag:
1278 Det er pekt på at vi trenger mer kraft i den grønne omstillingen vi er i gang med.
1279 Derfor må vi parallelt se på mulighetene for å effektivisere eksisterende kraftverk og
1280 etablere andre kilder basert på vind og sol. Regjeringen innførte strømstøtte som et
1281 strakstiltak for private husholdninger. Dette var et tiltak som var effektivt på kort sikt,
1282 men kun ment som en midlertidig ordning. I Norge har vi i alle år tilpasset oss en lav,
1283 stabil pris på elektrisk kraft. Det har vært fundamentet for både privat og kommersiell
1284 bruk. Det norske samfunnet har sammen bygd opp den infrastrukturen vi har på
1285 vannkraft. Situasjonen i dag er at vi har en høy og ustabil prising av elektrisk kraft.
1286 Elkraft prises opp mot det europeiske gassmarkedet. Mye av situasjonen skyldes
1287 utvilsomt krigen som Putin startet i Ukraina, med de grusomme menneskelige
1288 følgene det har fått. På den annen side virker det svært urimelig at den norske
1289 forbruker skal betale høyere og langt på vei uforutsigbar pris på strøm når Sverige
1290 stopper kraftverk for vedlikehold. Det speiler på mange måter en prismodell som få i
1291 Norge synes er fornuftig. Det er på tide å etablere et system som gir norske
1292 forbrukere forutsigbar og lav strømpris. Å ha et eget innenriks strømmarked,
1293 uavhengig av gassprisen, kan være en vei.
1294
1295 Innstilling: Ivaretatt i R2 Energipolitikk for ei ny tid
1296

1297 **Forslag nr. 38**

1298 Luster Arbeiderparti

1299
1300 Begrunnelse:
1301 Frå mai til oktober har vegen opp til 250.000 køyretøy som skal manøvrere seg
1302 langs smale,
1303 ras utsette vegar utan gul midtstripe der det til stadig blir små kollisjonar eller
1304 trafikkork
1305 fordi det ikkje er rom for å passere kvarandre. Det er gledeleg å sjå at der er løyyd
1306 midlar til å
1307 oppgradere 2,5 km av vegen frå Nes til Høyhemsvik, men det er framleis langt att til
1308 fylkesgrensa!

1309
1310 Forslag:
1311 Fylkesveg 55 mellom Gaupne og til fylkesgrensa på Sognefjellet har stort behov for
1312 oppgradering

1313
1314 Innstilling: Ivaretatt i R6 Samferdsel
1315

1316 **Forslag nr. 39**

1317 Luster Arbeiderparti

1318

1319 Begrunnelse:

1320 Oppgradering av denne lange tunnelen er ein viktig brikke i samfunnsutviklinga og
1321 med stor

1322 betydning for infrastrukturen mellom aust og vest.

1323

1324 Forslag:

1325 Stenging av Lærdalstunnelen vil vera eit tilbakesteg for infrastrukturen i
1326 regionen. Me krev heilårstrafikk langs E16 under oppgradering av Lærdalstunnelen.

1327

1328 Innstilling: Vedtas

1329

1330 **Forslag nr. 40**

1331 Luster Arbeiderparti

1332

1333 Begrunnelse:

1334 Tannpleie er også helse. Tannhelse innafor eigenandels ordninga vil sikre at alle har
1335 råd til å ta vare på tannhelsa.

1336

1337 Forslag:

1338 Me krev fortgang i arbeidet med likestilling av tannhelse med andre helsetenester.

1339 Tannhelse må inn i eigenandelsordninga i neste statsbudsjett for alle under 25 år.

1340 Vidare må ein årleg utvide med 5 og 5 år, til alle berre betaler eigenandel for

1341 nødvendig tannbehandling.

1342

1343 Innstilling: Ivaretatt i R3 Helse og velferd

1344

1345 **Forslag nr. 41**

1346 Lærdal Arbeiderparti

1347

1348 Begrunnelse:

1349 Ei heil eller delvis stenging av Lærdalstunnelen for vedlikehald og oppgradering vil

1350 ha store konsekvensar for både helse, miljø og tryggleik for både private og

1351 næringsdrivande som nyttar han dagleg. Det vil òg få store konsekvensar for

1352 sjukehuset i Lærdal, der viktig fagpersonell vil ha store utfordringar med å komma

1353 seg på jobb. Sjukehuset er svært viktig for alle innbyggjarane i Indre Sogn, og me

1354 kan ikkje risikere å miste det.

1355 Slik situasjonen er i dag er det heller ikkje trygge, alternative omkøyringsvegar, då
1356 andre vegar ikkje har verken kapasitet eller standard til å ta imot den stor
1357 trafikkmengda som er på stamvegen, eller dagens store køyretøy. Ein
1358 omkøyringsveg på 6-7 timar er ikkje eit realistisk alternativ. Dette vil mellom anna
1359 føre til store leveringsproblem for bedrifter på begge sider av tunellen.

1360
1361 Forslag:
1362 Vestland arbeidarparti krev ei fullverdig konseptvalsutgreiing (KVU) av
1363 Lærdalstunnelen, der alle kostnader og konsekvensar, både samfunnsøkonomiske,
1364 helse- og miljømessig, av dei ulike alternativa blir vurdert. Eit av dei alternativa som
1365 må vurderast er eit nytt løp som erstatning for det noverande.

1366
1367 Innstilling: Delvis ivaretatt gjennom Forslag 39.
1368

1369 **Forslag nr. 42**

1370 Osterøy Arbeiderparti

1371
1372 Begrunnelse:
1373 Eksempelvis seier NLA Høgskulen i sitt "grunnlag og føremål" at "Ekteskapet mellom
1374 mann og kvinne er i den tradisjonen NLA Høgskolen står i, forstått som berande
1375 norm i samlivsetikken". Av dette kan ein då trekkje ut at sambuarar og homofile ikkje
1376 vert tilsett, grunna brot på det dei kallar "samlivsetikken". Dei "søker etter kandidater
1377 som vil bidra til at høgskolens formål realiseres ut fra dens verdimeslige grunnlag og
1378 arbeide i lojalitet mot dette". Dei ber om at dette vert kommentert i søknaden. Dette
1379 er problematisk i våre auge.

1380
1381 Forslag:
1382 Enkelte utdanningsinstitusjonar bryt lov om diskriminering. Med tilvising til heilage
1383 tekstar vert lova tilsidesett og brote. Dette er problematisk på fleire måtar og me ber
1384 om at Arbeiderpartiet i regjering fremjar forslag som stramar inn på praksisen og ser
1385 til at lova vert følgd.

1386
1387 Innstilling: Vedtas
1388

1389 **Forslag nr. 43**

1390 Osterøy Arbeiderparti

1391
1392 Begrunnelse:
1393 Skatteparadis, skjult eigarskap og manglande internasjonal vilje til samarbeid
1394 medfører svekking av demokrati og styrking av at enkeltpersonar, verksemdar eller
1395 statar får urettmessig stor innflyting. Me ser at kretsen rundt Putin delvis slepp unna

1396 internasjonale sanksjonar grunna skjult eigarskap. Me ser at store verdiar vert flytta
1397 ut av vårt eige land og landar i skatteparadiset Sveits. Me ser at kriminelle flyttar
1398 store verdiar utan at me klarar å stoppe det.

1399

1400 Forslag:

1401 Internasjonale forsøk på innstraming av skattepolitikk har foreløpig ikkje lukkast så
1402 godt som ein kunne håpe på. Skjult eigarskap og verdiflytting har store
1403 konsekvensar for samfunnsutviklinga. Norge, som eit av verdas rikaste og fremste
1404 demokrati, må ta grep og gå i front for ein meir rettviss internasjonal økonomi.

1405

1406 Innstilling: Ivaretatt i R5 Næring

1407

1408 **Forslag nr. 44**

1409 Osterøy Arbeidarparti

1410

1411 Begrunnelse:

1412 Ifølgje forskning.no 06.09.22 kan ein lese om stadig fleire studier som viser auka fare
1413 for fedme, diabetes type 2, høgt blodtrykk, hjartesyjukdom, depresjon, tarmkreft og
1414 tidleg død. I enkelte land består kostholdet av over 50% ultraprosessert mat. Slik
1415 sterkt tilarbeida mat inneheld ei lang liste av ingrediensar og industriproduserte stoff
1416 som ikkje finnes naturleg på eit kjøkken. Ut frå dette vil konsum av slik mat kunne gje
1417 redusert livskvalitet og auka helsekostnader for samfunnet. Tiltak bør iverksetjast for
1418 å redusere salet av slik mat. Tiltaka bør gje incentiv for produsentar til å kunne
1419 "krype ett steg opp på skalaen" (mindre prosessert) og for konsumentar til å ta
1420 medvitne val.

1421

1422 Forslag:

1423 I dei siste år er ultraprosessert mat kome i veldig stort fokus som farleg for helsa.
1424 Regjeringa bør vurdere tiltak som merking, eksempelvis etter NOVA-systemet, og
1425 sjå på om avgiftspolitikken er rett på sunne og usunne varer for å redusere bruk av
1426 slik mat.

1427

1428 Innstilling: Ivaretatt i R5 Næring

1429

1430 **Forslag nr. 45**

1431 Austevoll Arbeiderparti

1432

1433 Begrunnelse:

1434 Lovteksten i opplæringsloven paragraf 7.2 siste ledd:

1435 «Fylkeskommunen skal hjelpe til med å skaffe losji for elevar i vidaregåande skole
1436 som bur slik til, eller som har så lang veg at dei ikkje kan nytte dagleg skyss til
1437 skolen. Om nødvendig skal fylkeskommunen byggje elevheim.»
1438 Lovteksten manglar forskrift som regulerer kor lang reisetid det er snakk om. Her må
1439 også ventetid reknast med. Elevar som skal reise til frå øykommune Austevoll for å
1440 gå på vidaregåande skule, blir avskorne frå å delta på sosiale aktivitetar og
1441 fritidstilbod ved skulen og for så vidt også på heimstaden, fordi mesteparten av
1442 ettermiddagen går med til reise og skulearbeid. Dei må også starta dagen svært
1443 tidleg for å nå skulestart . Dei får på denne måten ein meir krevjande skulesituasjon
1444 samanlikna med elevar som kan bu heime og ha relativt kort veg til skulen . Etter
1445 gratisprinsippet skal eleven greie å betale for losji med bortebruarstipend , men i
1446 realiteten er det krevjande å finne gode losji til den prisen i bustadmarknaden.
1447 Austevoll Ap vil ha eit tal på samla reisetid å forhalda seg til før ein kan påstå at det
1448 er brot på opplæringslova

1449
1450 Forslag:
1451 Austevoll Ap ber om at det blir laga ei sentral forskrift om kva maksimal reisetid
1452 samanlagt til og frå vidaregåande opplæring som blir rekna som forsvarleg, før
1453 fylkeskommunen plikter å hjelpe til med losji. I denne få ei presisering om at eleven
1454 sin kostnad for losji ikkje skal vere høgare enn bortebruarstipendet og ei presisering
1455 om kva standard losjiet skal ha. I tillegg til dette vedta ei lokal forskrift for Vestland
1456 fylkeskommune om det same snarast.

1457
1458 Innstilling: Ivaretatt i R7 Oppvekst og utdanning
1459

1460 **Forslag nr. 46**

1461 Stryn Arbeiderparti

1462
1463 Begrunnelse:
1464 Arbeiderpartiet ser det som særskilt viktig å oppretthalde ein mest mogleg
1465 desentralisert skulestruktur, slik som i dag. Både privat og offentleg sektor vil i tida
1466 framover ha stor trong for kunnskap og kompetanse. Ein av dei viktigaste
1467 leverandørane av arbeidskraft er og blir den vidaregåande skulen. Ein desentralisert
1468 skulestruktur er ein viktig føresetnad for levande distrikt. Den vidaregåande skulen
1469 må gje eit desentralisert utdanningstilbod som næringslivet og elevane i
1470 lokalsamfunna etterspør. Særleg yrkesfag, som rekrutterer lærlingar til lokale
1471 verksemdar og offentleg sektor, er viktig å oppretthalde. Dei vidaregåande skulane
1472 er viktige regionale utviklingsaktørar, og legg grunnlaget for vekst og utvikling i heile
1473 regionen. Eit vidaregåande skuletilbod er også med på å avgjere om ungdom som
1474 tek høgare utdanning, seinare vel å flytte tilbake til regionen.

1475
1476 Forslag:

1477 Arbeiderpartiet skal sikre eit desentralisert vidaregåande skuletilbod.
1478 Det er svært viktig for busettingsmønster og bulyst at bygdesenter får behalde
1479 eksisterande vidaregåande skuletilbod og at tilbodet blir vidareutvikla i samsvar med
1480 behovet. Tilbodet må koplust mot næringslivet og offentleg sektor sine behov for
1481 opplæring.
1482 Situasjonen for dei vidaregåande skulane har ikkje endra seg vesentleg i denne 4-
1483 årsperioden. Stryn Ap ber difor om at gjeldande vedtak om sikre noverande
1484 skulestruktur, vert vidareført og gjeldande også for komande valperiode.
1485
1486 Innstilling: Avvises, ivaretatt i program.
1487

1488 **Forslag nr. 47**

1489 Stryn Arbeiderparti

1490
1491 Begrunnelse:
1492 Det vil bli oppfatta som svært positivt dersom regjeringa, gjennom effektfulle tiltak og
1493 støtteordningar, kan forsere energiøkonomisering i industrien og hushaldningane.
1494 Statsbudsjettet yter store midlar til dette satsingsområdet, men Regjeringa kan med
1495 stor fordel definere enno større satsing på støtteordningar til sparing og produksjon
1496 av rein, fornybar energi.
1497

1498 Forslag:

1499 Raskare og sterkare satsing på sparing og produksjon som energipolitisk
1500 verkemiddel:
1501 Vestland Ap krev at den mellombelse tilskotsordninga til energiøkonomisering hos
1502 bedrifter og bustader må gjerast meir attraktiv og langsiktig. Det må i enno større
1503 grad brukast offentlege investeringar for å sikre effektiv energiøkonomisering, både i
1504 industrien, offentlege og private bygg. Satsing på solenergi, jordvarme, fjordvarme,
1505 biovarme og energi frå biogassanlegg må prioriterast sterkare som kortsiktige tiltak
1506 gjennom ENOVA. Som langsiktige tiltak må det satsast på vasskraft og
1507 mulegheitsstudie av atomkraft.
1508

1509 Innstilling: Ivaretatt i R2 Energipolitikk for ei ny tid
1510

1511 **Forslag nr. 48**

1512 Stryn Arbeiderparti

1513
1514 Begrunnelse:
1515 Den eldre delen av befolkninga vil i tida som kjem auke betydeleg og dette kjem til å
1516 stille store krav til kommunane. Dei utfordringane som følgjer med dette, både for
1517 den enkelte eldre og for kommunen som tenesteytar, blir store. Dette gjeld særleg

1518 finansiering av omsorgsbustader. Stortingsmelding 15 (2017-2018), kalla «Leve hele
1519 livet»- er ei kvalitetsreform for eldre. Reforma skal bidra til å finne og dele nye og
1520 innovative løysingar på dei kvalitative utfordringane knytt til aktivitet og fellesskap,
1521 mat og måltid, helsehjelp, samt samanheng og overgang i tenestene. Målet er at
1522 eldre skal få bruke ressursane sine og dekke behova sine i dei ulike fasane av
1523 alderdomen. Reforma skal bidra til at eldre kan meistre livet lenger, kjenne seg
1524 trygge på at dei får god hjelp når dei har behov for det, at pårørande kan bidra ut frå
1525 sin kapasitet, og at tilsette kan bruke sin kompetanse i tenestene.

1526
1527 Forslag:

1528 Styrk Husbanken sine støtteordningar for omsorgsbustader

1529

1530 Det vert forventa at det vert lagt til rette for at eldre skal kunne bu lengst muleg i
1531 heimen, dersom dei ønskjer det.

1532 Vi forventar eit sterkare nasjonalt engasjement for å følgje opp Stortingsmelding 15
1533 (2017-18). Gjennom kraftig auke i Husbanken sine midlar og ei styrking av banken
1534 sine ordningar kan ein legge til rette for at det vert bygt langt fleire omsorgsbustader.
1535 Vestland Ap må sikre at desse utfordringane vert drøfta i Landsmøtet.

1536

1537 Innstilling: Ivaretatt i R3 Helse og velferd

1538

1539 **Forslag nr. 49**

1540 Stryn Arbeiderparti

1541

1542 Begrunnelse:

1543 Tilgang på rein energi heilt avgjerande for miljøvenleg produksjon og gjennomføring
1544 av det grønne skiftet. Regjeringa har i Hurdalsplattformen sagt at vi skal «videreutvikle
1545 Norge som en verdensledende, bærekraftig industrinasjon basert på fornybar
1546 energi». Så lenge vi ikkje er sikra nok tilgang på denne fornybare energien, har vi
1547 heller ikkje mulegheit for å gjennomføre det grønne skiftet. Om framtidsretta
1548 landbasert industri skal bli skadelidande fordi olje- og gassproduksjonen på norsk
1549 sokkel skal forbruke ein stor andel av rein energi frå fastlandet, er det svært uheldig.
1550 Kvotearvtaler på utslepp må kunne diskuterast på ein måte som gjer at ein tek
1551 totalforbruket av gass som energikjelde i heile Europa opp til vurdering, ikkje berre
1552 på norske installasjonar. Utveksling av energi mellom Norge og Europa er ein realitet
1553 og då må kvoteordningane også avspegle dette. Difor meiner Stryn Ap at ein må
1554 setje elektrifisering av sokkelen på vent.

1555

1556 Forslag:

1557 Utset elektrifiseringa av sokkelen

1558

1559 Med bakgrunn i den vanskelege energisituasjonen i Norge og Europa må
1560 Arbeidarpartiet utsetje planane om elektrifisering av aktiviteten på sokkelen. Vi må
1561 ikkje stelle oss slik at eksisterande landbasert industri og utvikling av ny industri blir
1562 hemma av mangel på rein kraft.

1563
1564 Innstilling: Delvis ivaretatt i R2 Energi for en ny tid
1565

1566 **Forslag nr. 50**

1567 Stryn Arbeidarparti

1568
1569 Begrunnelse:

1570 Eit vegnett som gir god regularitet, trygg veg, lågast mogleg transportkostnader og
1571 best miljø er svært viktig for det ekspansive og verdiskapande næringslivet på
1572 Nordvestlandet.

1573 Vestland Arbeidarparti viser til den særskilte funksjon som Rv 15 har i dag som
1574 aust/vest samband for næringslivet i regionen. Sambandet har spesielt stort innslag
1575 av tungtrafikk, som tener næringslivet i regionane på begge sider av fjellet.

1576 Opprustinga av E6 gjennom Gudbrandsdalen styrkar RV 15 som trafikkroute både til
1577 Austlandet og Trøndelag. Mykje av trafikken på FV 60 føl også RV 15 over
1578 Strynefjellet. RV 15 er det brei semje om lokalt i regionen og ingen debatt om
1579 traseval.

1580 RV 15 er raskaste vegen til Oslo og Trondheim for mange viktige bedrifter på
1581 Nordvestlandet. Grunna stigning og smale / låge tunnelar på RV 15 Strynefjellet,
1582 samt stengd veg på grunn av ras og rasfare, må mange velje andre og lengre
1583 transportetappar. RV 15 er viktig bindeledd mellom sjø og jernbane for
1584 godstransport. Alle tre fylka som soknar til RV 15, Statens Vegvesen, Sjømat Norge,
1585 LO Søre Sunnmøre, NHO og Norsk Industri, har alle tilrådd konsept B1 som
1586 permanent skredsikringstiltak. Konseptvalet er gjort sommaren 2018.
1587 Difor er det no viktig å prioritere prosjektet i neste revisjon av NTP 2025 - 2036.
1588 RV 15 Måløy – Otta er i NTP omtala som «arm til E6» og er ein del av korridor 6.

1589
1590 Forslag:

1591 Rv15. Ny Strynefjellstunnel må sikrast fullfinansiering i NTP 2025-2036.
1592 I budsjettet for 2023 la Regjering og Storting det vedtekne konseptet for ny Rv15
1593 Strynefjellstunnel (konsept B1 med arm til Geiranger) inn i Statens vegvesen si
1594 portefølje. Arbeidarpartiet krev at konseptet vert innarbeid og fullfinansiert i Nasjonal
1595 Transportplan ved komande rullering. Dette er ei framtidsretta løysing med 100 %
1596 regularitet, som eliminerer alle 13 skredutsette parti, er miljøvenleg ved å redusere
1597 stigninga frå 12 % til under 5 % og sikrar trekkruta i kalveområde for villrein.

1598
1599 Innstilling: Ivaretatt i R6 Samferdsel
1600

1601 **Forslag nr. 51**

1602 Høyanger Arbeiderparti

1603

1604 Begrunnelse:

1605 På kort sikt vil ikkje kjernekraft løysa underskotet på kraft, men me kan ikkje einssidig
1606 fokusera på tiltak som skaffar oss kraft raskt. Me treng meir kraft også frå 2035 og
1607 utover.

1608

1609 På 10-15 års sikt kan kjernekraft bli ein del av energimiksen vår. Utviklinga
1610 internasjonalt skjer fort, særleg innan utvikling av små, modulære reaktorar. Dette er
1611 ei utvikling Noreg bør vera med på. Så langt ein kan sjå er denne typen moderne
1612 kjernekraftverk er sikre, har nesten ikkje klimagassutslepp, og har minimalt med
1613 avfallsproblematikk. Dei krev også minimalt med areal eller naturinngrep, og vil
1614 såleis ikkje skapa konflikstar, slik t.d. vindkraft og vasskraftutbygging gjer.

1615

1616 Forslag:

1617 Det bør snarast setjast i gang arbeid for å utgreia moglegheitene for kjernekraftverk i
1618 Noreg.

1619

1620 Innstilling: Delvis ivaretatt i R2 Energipolitikk for ei ny tid

1621

1622 **Forslag nr. 52**

1623 Sveio Arbeiderparti

1624

1625 Begrunnelse:

1626 E39 er den mest sentrale transportkorridoren for heile Vestlandet og må prioriterast
1627 som hovudferdselsåre med tilstrekkeleg opprusta standard for å binda landsdelen
1628 saman frå sør til nord. Ei effektiv samankopling av Vestlandsfylka er viktig for å
1629 utløyse det samla verdiskapingspotensiale i denne landsdelen. Dette gjeld særleg
1630 aksa Bergen – Stavanger. Vi har som klar målsetnad ein ferjefri E39 gjennom fylket
1631 med gode koplingar til andre område i fylket. Dette er viktig, ikkje berre for
1632 Vestlandet, men for nasjonen Norge.

1633

1634 Forslag:

1635 Vestland arbeiderparti har som klar målsetnad ein ferjefri E39 gjennom fylket med
1636 gode koplingar til andre område i fylket.

1637

1638 Innstilling: Ivaretatt i R6 Samferdsel

1639

1640 **Forslag nr. 53**

1641 Sveio Arbeiderparti

1642

1643 Begrunnelse:

1644 Østerriksk alpejordbruk har fått til høg produksjon med småskalastruktur. Landet har
1645 satsa på små gardar, kvalitet og har den høgaste økologiske andelen i Europa.

1646

1647 I følge seniorforsker ved Norsk senter for økologisk landbruk (Norsøk), Sissel
1648 Hansen, har Noreg noko å lære. Det er ikkje lagt til rette for ein produksjon der ein
1649 utnytter smådriftsfordelane i Noreg. Det er ikkje tilfeldig at det er alpelandet Østerrike
1650 som blir nemnd når det er snakk om landbruk og økologi, då 24,1 prosent av
1651 jordbruksarealet i landet er økologisk produsert. Det er den aller høyeste andelen i
1652 EU. Vårt naboland Sverige er i nærleiken med rett over 20 prosent. I Noreg var det i
1653 2020 kun 4,2 prosent økologisk jordbruksareal.

1654

1655 Sissel Hansen har nemnd Østerrike som eit foregangsland innan økologisk
1656 matproduksjon. Ho peikar særlig på fire grunnar til at Østerrike har lukkast i si
1657 satsing:

1658 - Dei satte seg klare økomål.

1659 - Satsing på små einingar og kvalitet.

1660 - Tilskotsordningar som favoriserer økologisk landbruk.

1661 - Sterk satsing på kunnskapsbygging og forskning.

1662

1663 Bruksstørrelsen i Østerriksk alpelandbruk kan sammenlignas med størrelsen på
1664 Vestlandsbruka.

1665

1666 Forslag:

1667 Vestland Arbeiderparti vil greie ut om erfaringar frå alpelandbruket i Østerrike kan gi
1668 læring til jordbruket i Vestland.

1669

1670 Innstilling: Ivaretatt i R5 Næring

1671

1672 **Forslag nr. 54**

1673 Sunnfjord Arbeiderparti

1674

1675 Begrunnelse:

1676 Auka energiprisar står for meir enn 50% av inflasjonen. Det er derfor viktig å
1677 redusere strømprisen for å få ned inflasjonen. Strømprisen er for mange, spesielt i
1678 Sør Noreg, økonomisk tyngande. Folk har, i tillegg til hushald, fritidsbolig. Fritidsbolig
1679 er ikkje inkludert i strømsstøtteordninga. Men vi veit at det krev ei viss oppvarming for
1680 å ivareta hytta sin verdi. Strøm nok til å frostsikre fritidseigedom bør kompenseras,

1681 f.eks. med ei avgrensing oppover til 1000 kWh/mnd. Det er stor frustrasjon for at
1682 dette strømforbruket ikkje vert kompensert.
1683 Industrien er utsett for konkurranse. Strøm er ein viktig innsatsfaktor i drifta. Det er
1684 viktig at strømstøtta til industrien ikkje står tilbake for strømstøtta til konkurrerende
1685 industri i andre europeiske land.
1686
1687 Forslag:
1688 Straumstøtte til hushaldning, industri og fritidsbolig må kontinuerlig evaluerast og
1689 forbeholdt.
1690
1691 Innstilling: Ivaretatt i R2 Energipolitikk for ei ny tid
1692

1693 **Forslag nr. 55**

1694 Sunnfjord Arbeiderparti

1695
1696 Begrunnelse:
1697 Russland sin brutale angrepskrig mot eit fredeleg naboland, set vår sikkerheit og
1698 sjølvstende i fare. Noreg kan aldri stå imot ein eventuell russisk invasjon åleine. Vårt
1699 medlemskap i NATO tryggar vår fridom. Vi må uansett ta høgde for å kunne stå i mot
1700 eit angrep i ein periode. Vi vil oppmode om at Sjøheimetynet vert oppattretta, lokalt
1701 forsvar er viktige element for å overvake og trygge den lange kysten og fjordane
1702 våre.
1703

1704 Forslag:
1705 Heimevernet må styrkast med både personell og relevante tidsriktige stridsmidler.
1706

1707 Innstilling: Ivaretatt i R4 Internasjonalt

1708 **Forslag nr. 56**

1709 Sunnfjord Arbeiderparti

1710
1711 Begrunnelse:
1712 Stortingsmelding Leve heile livet forklarar aldersvennleg samfunn slik: At eldre får
1713 leve sjølvstendige liv og bidra i samfunnet lengst mogeleg, og at dei får god
1714 helsehjelp og omsorg når dei får bruk for det.
1715 Ein sunn kommuneøkonomi er eit av dei viktigaste momenta for å sikre gode
1716 strukturar for både unge og eldre. Her kan nemnast levande lokalsamfunn med
1717 tilgang på universelt utforma bustader, grunnleggande tenestetilbod, møteplassar,
1718 tilgang til kollektive transportmiddel, høve til å delta i frivillig arbeid. Dette vil legge til
1719 rette for at seniorane får bruke ressursane sine lengst mogeleg, til beste for både dei
1720 sjølve og samfunnet. Med slike strukturar vil det bli mindre trong for personleg
1721 tilrettelagd hjelp.

1722
1723 Forslag:
1724 Regjeringa må justere føresetnadene for finansieringsmodellar til kommunane, slik at
1725 dei kan sikre gode vilkår for alle aldersgrupper. Den må og fremje tiltak som styrkar
1726 tverrsektorielt kommunalt arbeid til beste for eit meir aldersvennleg samfunn.
1727
1728 Innstilling: Ivaretatt i R3 Helse og velferd
1729

1730 **Forslag nr. 57**

1731 Sunnfjord Arbeiderparti

1732
1733 Begrunnelse:
1734 1.Ved innføring av den såkalla 6-årsreforma var ein viktig føresetnad at frie
1735 aktivitetar og leik skulle vere eit pedagogisk verkemiddel. Forskar Elise Farstad
1736 Djupedal har funne ut at elevar i grunnskulen har fått to år lengre skuledag og
1737 mindre variert timeplan fra 1990 og fram til i dag. Halvparten av dette har gått til eitt
1738 år lenge skulegang, resten er blitt hovudsakleg til auke i faga norsk og matematikk.
1739 Forskaren seier vi ikke har nokon indikatorar på at den utvida timeplanen har ført til
1740 at elevane lærer meir enn før. Ho meiner at læring ved leik og frie aktivitetar må få
1741 ein større del av skulekvardagen att, særleg det første året.
1742

1743 2.Sunne måltid må vere ein fast del av skuledagen.
1744 Vi veit at godt kosthald og gode måltidsvanar er grunnleggande for god helse og eit
1745 godt liv. Innføring av måltid i grunnskulen bør vere eit viktig mål for ei regjering leia
1746 av Arbeidarpartiet. Det er førebyggjande helsearbeid, sosial utjamning og gjev betre
1747 grunnlag for læring.
1748

1749 Forslag:
1750 Skulen ein god stad å vere og å lære
1751 1.Regjeringa må sette i verk ei gransking av kva verknader auka timebruk i
1752 grunnskulen har hatt med omsyn til leik og frie aktivitetar som pedagogisk
1753 verkemiddel, og føreslå endring.
1754

1755 2.Regjeringa må innføre dagleg næringsrikt måltid i grunnskulen.
1756

1757 Innstilling: Ivaretatt i R7 Oppvekst og utdanning
1758

1759 **Forslag nr. 58**

1760 Sunnfjord Arbeiderparti

1761
1762 Begrunnelse:

1763 Rv5 er ein av dei mest rasutsatte vegstrekningane på rute 5C. (Oslo Lærdal Florø -
 1764 Oslo Lærdal Bergen).

1765

1766 Skredvika mellom Naustdal og Erdal har skredfaktor 5,3.

1767 Dette medfører at vegen forbi Skredvika ligg på sjuandeplass på Vestlandet. Tal
 1768 viser og at steinnedfall og skredfrekvensen har auka dei seinare åra grunna
 1769 klimaendring og nedbør.

1770

1771 Skredfaktor er nakne tal. Den uttrygge følelsen og påkjenninga folk sitter med når ein
 1772 køyrer i rasområdet, den uttrygge følelsen dei som sitter heime og veit at nokon av
 1773 sine nærmaste køyrer i rasområdet, kan ikkje målast i ein skala.

1774

1775 Det hastar å få skredsikra RV5 mellom Førde og Naustdal.

1776

1777 Forslag:

1778 Sunnfjord Arbeidarparti krev at skredsikring av Rv 5 mellom Naustdal og Førde får
 1779 oppstartsløyve og at det vert starta driving av tunnel i inneverande periode av
 1780 Nasjonal transportplan.

1781

1782 Innstilling: Ivaretatt i R6 Samferdsel

1783

1784 **Forslag nr. 59**

1785 Sunnfjord Arbeiderparti

1786

1787 Begrunnelse:

1788 Vasskrafta som har gitt oss billeg straum er blitt offer for profittjag som går ut over
 1789 verdiskapinga i fastlands-Norge. Norge står framfor avindustrialisering, og kan stå att
 1790 som råvareeksportør.

1791

1792 Straumen har vore rekna omlag som ei kommunal teneste til sjølvkost, på linje med
 1793 vatn og avløp. No har han blitt ei vare, som attpåtil er eit spekulasjonsobjekt (dei
 1794 stenger produksjon, fordi det løner seg å selje straumen).

1795

1796 Vasskrafta har gitt Norge konkurranseevne og tusenvis av arbeidsplasser i rundt
 1797 hundre år.

1798

1799 Det er ikkje utenlandskablene som gir oss forsyningstryggleik, det er det
 1800 vasskraftmagasina våre som gjer, med ein lagringskapasitet på 70 % av vår
 1801 årsproduksjon.

1802

1803 På kort sikt må det også innførast straumstøtte til industrien, jf.tysk industri har
 1804 billegare kraft enn her.

1805
1806 AP har no ein historisk sjanse til å ta tilbake kontrollen over vasskrafta, og dermed
1807 vise at det er politikken som betyr noko.
1808
1809 Forslag:
1810 Norske prisar på straumen vår
1811
1812 Sunnfjord AP er bekymra over straumpriskrisa, og følgene dette har for industrien og
1813 anna næringsliv, samt norske hushald. Straumprisen er ei viktig årsak til inflasjon og
1814 dermed renteauke. Straumprisen kan føre til avindustrialisering og gjere Norge til
1815 råvareeksportør. Norge må be om forhandlingar med EU for å finne løysingar der
1816 EØS-avtalen er til hinder for nasjonale løysingar. Norge må også reforhandle avtalen
1817 med Storbritannia om North Sea Link.
1818
1819 Innstilling: Ivaretatt i R2 Energipolitikk for ei ny tid
1820

1821 **Forslag nr. 60**

1822 Sunnfjord Arbeiderparti
1823
1824 Begrunnelse:
1825 I dag går E39 gjennom Førde sentrum. Vidare går E39 opp Halbrendslia mot
1826 Bergen. Vegen opp Halbrendslia er smal, svingete, bratt og utsett for ulykker.
1827 E39 gjennom Førde i dag er ikkje verdig standard for ein europaveg.
1828 Det hastar å få på plass løyvingar for opprustinga av E39 forbi Førde. Derfor må
1829 finansiering inn i statsbudsjettet for 2024.
1830
1831 Forslag:
1832 Sunnfjord Arbeidarparti krev at E39 forbi Førde vert finansiert gjennom
1833 statsbudsjettet for 2024.
1834
1835 Innstilling: Ivaretatt i R6 Samferdsel
1836

1837 **Forslag nr. 61**

1838 Sunnfjord Arbeiderparti
1839
1840 Begrunnelse:
1841 Skulen skal vere ein arena for personleg og samfunnsmessig utvikling, der alle barn
1842 vert tekne på alvor og alle skal ha like føresetnadar for å lykkast. Organisering av
1843 skulen kan både skape og reproducere sosiale skilnader. Mellom anna aukar lekser
1844 faglege og sosiale skilnader mellom ulike sosioøkonomiske grupper. Det same gjeld
1845 for deltaking i fritidsaktivitetar. Barn og ungdom frå høgare sosioøkonomiske grupper

1846 deltek oftare i organiserte fritidsaktivitetar enn dei frå lågare. Skeiv sosial rekruttering
 1847 skjer både på grunn av kultur og økonomi. Dei organiserte fritidsaktivitetane tilbyr ein
 1848 arena for å møte andre born/ungdom og utvikle ferdigheiter. Dei kan òg fungere som
 1849 læringsarena for identitetsutvikling og demokratiforståing. Dette vil i tillegg lette
 1850 kvardagen for mange føresette som brukar mykje tid på å skyssse born mellom ulike
 1851 aktivitetar, og det vil føre til mindre biltrafikk samla sett.
 1852 I første omgang bør det gjennomførast som forsøksprosjekt i ulike deler av landet.
 1853 Når det vert innført, vil det imøtekomme dei fleste av målsettingar for skule og
 1854 utdanning i programmet vårt.
 1855
 1856 Forslag:
 1857 1. For å motverke sosiale skilnadar må ein få tilstrekkeleg lærartetthet slik at
 1858 læringsmåla kan nåast utan bruk av lekser. Lekser er ei underfinansiering av skulen.
 1859
 1860 2. Fritidsaktivitetar må inn i skulen i aukande grad for å sikre like moglegheiter for
 1861 delta, og motverke dei negative sosiale forskjellane manglande deltaking gir. Dette
 1862 kan berre løysast gjennom ein heildagskule.
 1863
 1864 Innstilling: Ivaretatt i R7 Oppvekst og utdanning
 1865

1866 **Forslag nr. 62**

1867 Sunnfjord Arbeiderparti

1868
 1869 Begrunnelse: Vi veit at Noreg kjem til å ha behov for 90.000 fagarbeidarar innan
 1870 2035. Ei nasjonal satsing på yrkesfag er difor naudsynt for å styrke Noreg si
 1871 konkurransekraft og verdiskaping. Sunnfjord og omegn har ein sterk tradisjon for
 1872 industri- og næringsutvikling, samt ei viktig rolle som eit sentrum for kunnskaps- og
 1873 teknologiutvikling i regionen. I tillegg har Vestland fylkeskommune, Høgskulen i
 1874 Vestland og næringslivet allereie eit samarbeid for å styrke yrkesfag på Campus
 1875 Verftet i Førde. Campus verftet er eit felleslokale for å skape nye løysingar innan
 1876 robotikk, automasjon, elkraft, bygg og helseteknologi.
 1877

1878 Eit nasjonalt senter for yrkesfag vil kunne unytte satsinga som allereie er gjort for å
 1879 bygge eit senter for yrkesfag for heile landet.
 1880

1881 Forslag:

1882 Nasjonalt senter for yrkesfag

1883
 1884 Regjeringa vil gjennomføre eit kraftfullt løft for yrkesfaga. Eit nasjonalt senter for
 1885 yrkesfag kan vere et ledd i å nå desse måla.
 1886 Sunnfjord Ap støttar Vestland Fylkeskommune i at eit nasjonalt senter for yrkesfag
 1887 vert lagt til Vestland Fylke.

1888
1889 Innstilling: Ivaretatt i program
1890

1891 **Forslag nr. 63**

1892 Sunnfjord Arbeiderparti

1893
1894 Begrunnelse:
1895 I 2004 vedtok Stortinget at norske mjølke- og ammekubruk skulle legge om frå
1896 båsdriftsfjøs til lausdrift. Kravet skulle tre i kraft fra 2024. I 2016 ble kravet utsett til
1897 2034. Lausdriftskravet kan medføre at mange av dei 700 mjølkebruka i Vestland står
1898 i fare for å måtte legge ned. Allereide i 2024 trer krav om kalvingsbinge i kraft – det
1899 vil også ha store konsekvensar for mindre bås fjøs med små besetningar. Mjølke har
1900 vore den viktigaste jordbruksproduksjonen i Vestland i lang tid. Meir enn 50 prosent
1901 av verdiskapinga i jordbruket kjem frå mjølke. Mjølkeproduksjon er eit nav i mange
1902 bygder, viktig for busetnad, sysselsetjing, verdiskaping og ringverknader til annan
1903 samfunnsaktivitet.
1904 I NIBIO si spørjeundersøking seier 19 prosent av mjølkebøndene i Vestland at dei
1905 planlegg å gje seg alt i 2024 når nye krav til beitetid og kalvingsbinge trer i kraft.
1906 Ytterlegare 24 prosent seier dei vil avslutte når lausdriftskravet trer i kraft frå 2034.
1907 Eksempelen frå Gudbrandsdalen er endå verre: Meir enn halvparten av mjølkebruka
1908 der har bås fjøs. Ifølge Innovasjon Norge er det INGEN i Gudbrandsdalen som har
1909 søkt om investeringstilskot i 2022.

1910
1911 Forslag:
1912 Lausdriftskravet frå 2034 tvingar fullt driveverdige bruk ut av drift
1913 Sunnfjord Arbeiderparti er uroa for at lausdriftskravet for fjøsdrift frå 2034 vil tvinge
1914 fullt drivverdige vestlandsbruk ut av drift. Vi vil difor arbeide for at lausdriftskravet
1915 skal kunne fråvikast der kor dyrevelferda tillèt det, og at investeringstilskotet må
1916 monaleg opp.

1917
1918 Innstilling: Ivaretatt i R5 Næring
1919

1920 **Forslag nr. 64**

1921 Vaksdal Arbeiderparti

1922
1923 Begrunnelse:
1924 Prosjektet har dei siste månadane innløyst mange eigedomar i Vaksdal. Det er viktig
1925 at arbeidet i prosjektet ikkje stoppar opp. Ein stopp i prosjektet no vil gje svært
1926 negative signal både til innbyggjarar som har seldt sine eigedomar og til den vanlege
1927 mann i gata. Det er viktig at organisasjonen som planlegg ikkje vert bygd ned, men
1928 at ein har framdrift i prosjektet og byrjarar planarbeidet for strekkja Stanghelle-Voss.

1929

1930 Forslag:

1931 Vestland Arbeiderparti krev at finansiering av byggestart Arna-Stanghelle og vidare

1932 planlegging av strekkja Stanghelle-Voss kjem med i statsbudsjettet for 2024.

1933

1934 Innstilling: Ivaretatt i R6 Samferdsel

1935

1936 **Forslag nr. 65**

1937 Vaksdal Arbeiderparti

1938

1939 Begrunnelse:

1940 På kort sikt vil ikkje kjernekraft løysa underskotet på kraft, men me kan ikkje einsidig

1941 fokusera på tiltak som skaffar oss kraft raskt. Me treng meir kraft også frå 2035 og

1942 utover.

1943 På 10-15 års sikt kan kjernekraft bli ein del av energimiksen vår. Utviklinga

1944 internasjonalt skjer fort, særleg innan utvikling av små, modulære reaktorar. Dette er

1945 ei utvikling Noreg bør vera med på. Denne typen moderne kjernekraftverk er sikre,

1946 har nesten ikkje klimagassutslepp, og har minimalt med avfallsproblematikk. Dei krev

1947 også minimalt med areal eller naturinngrep, og vil såleis ikkje skapa konflikhtar, slik

1948 t.d. vindkraft og vasskraftutbygging gjer.

1949

1950 Forslag:

1951 Det bør snarast setjast i gang arbeid for å utgreia moglegheitene for kjernekraftverk i

1952 Noreg.

1953

1954 Innstilling: Ivaretatt i R2 Energipolitikk for ei ny tid

1955

1956 **Forslag nr. 66**

1957 Vaksdal Arbeiderparti

1958

1959 Begrunnelse:

1960 Eit allereie dårleg soningstilbod for kvinner i Vestland står no i fare for å bli endå

1961 dårlegare grunna for dårleg finansiering av drifta i Bergen Fengsel. I region Vest er

1962 det kun Bergen fengsel som tilbyr soning for kvinner. Her er kvinner ikkje

1963 tilstrekkeleg adskilt frå menn, og tilbodet er heller ikkje likeverdig verken når det gjeld

1964 innhald eller fasilitetar. Kvinner som ikkje er kvalifisert for open soning må anten

1965 sona saman med menn, eller dei må sone i andre delar av ladet. Dette gjev eit svært

1966 vanskeleg utgangspunkt for tilbakeføring.

1967 Dersom kvinner skal ha høve til å oppnå rehabilitering og oppleve likeverdige tilhøve

1968 som innsette menn, er det vesentleg at det fins fullverdig soningstilbod fleire stader i

1969 landet. Vi meiner det krevst eit nytt, adkilt og fullverdig soningstilbod for kvinner i
1970 Bergen snarast.
1971
1972 Forslag:
1973 Vestland Arbeiderparti krev at det snarast vert etablert eit fullverdig soningstilbod for
1974 kvinner i Vestland.
1975
1976 Innstilling: Ivaretatt i R3 Helse og velferd
1977

1978 **Forslag nr. 67**

1979 Bremanger Arbeiderparti

1980
1981 Begrunnelse:
1982 31. mai 2018 vedtok Stortinget å lovfeste eit minimumskrav til grunnbemanning for
1983 barnehagar. Bemanningsnorma krev at barnehagane har ei grunnbemanning på
1984 minst ein tilsett per tre barn under 3 år og ein tilsett per seks barn over 3 år.
1985 Bremanger Arbeiderparti meiner at grunnbemanninga må gjelde for heile
1986 opningstida. Dette for å sikre at det er nok vaksne på avdelingane – sjølv om tilsette
1987 har si plantid og deltek på møter i opningstida til barnehagen. Ei god
1988 bemanningsnorm vil bidra til at tilsette lettare ser kvart enkelt barn og kan følgje dei
1989 opp på ein tilfredsstillande måte. Det er eit viktig tiltak for å gje barna eit godt
1990 barnehagetilbod. Regjeringa har i Hurdalsplattforma som mål å forbedre
1991 bemanningsnorma slik at den sikrer barna nok ansatte. Dette skal skje blant annet
1992 ved å stille krav til vikarbruk, krav til stedlig leder, gjennomgå oppgaver som tar
1993 ansatte bort fra barna og gjennomgå finansieringen av normen. Bremanger
1994 Arbeiderparti meiner at ei bemanningsnorm som gjeld heile opningstida er med på å
1995 styrke bemanninga i barnehagane.

1996
1997 Forslag:
1998 Bremanger Arbeiderparti ser det som svært viktig å få på plass ei lovregulering som
1999 sikrar at bemanningsnorma i barnehagane gjeld for heile opningstida. For
2000 barnehagar med lang opningstid vil bemanninga vere langt dårlegare enn kva
2001 bemanningsnorma tilseier.

2002
2003 Innstilling: Ivaretatt i R7 Oppvekst og utdanning
2004

2005 **Forslag nr. 68**

2006 Bremanger Arbeiderparti

2007
2008 Begrunnelse:

2009 Straumprisane vi har hatt i store delar av landet i fjor haust har vore historisk høge.
2010 Dette har gjeve private forbrukarar og næringsliv utan langsiktige fastpriskontraktar
2011 store økonomiske utfordringar. Om prisane fortset å ligge på same nivå, vil
2012 utfordringane for desse gruppene eskalere. Utan verkfulle og permanente tiltak, vil
2013 det på litt lengre sikt også få store konsekvensar for den kraftforedlende industrien.
2014 Gjennom langt over hundre år har den norske vasskrafta gjort det mogeleg å
2015 etablere industri langs heile kysten, frå Kristiansand i sør til Tana i Nord. Denne
2016 industrien har skapt- og skapar aktivitet, arbeidsplassar og livsgrunnlag i mange
2017 lokalsamfunn langs heile kysten. Vasskrafta er den største konkurransefordelen
2018 desse bedriftene har, og er ein avgjerande faktor for dei store verdiane som vert
2019 skapt. Det må difor etablerast verkfulle og permanente tiltak som sikrar rimeleg
2020 straum for vanlege forbrukarar og som opprettheld konkurransekrafta for den
2021 kraftforedlende industrien og øvrig næringsliv. Det er viktig at tildeling av uttak med
2022 stor effekt og forbruk (t.d. batteriproduksjon og elektrifisering av anlegg i Nordsjøen)
2023 skjer i same takt som det vert tilgang på tilsvarande ny fornybar produksjon. Dette for
2024 å unngå prispress og dermed sikre at eksisterande kraftintensiv industri ikkje vert
2025 utkonkurert.

2026
2027 Forslag:
2028 Bremanger Arbeidarparti meiner at det må iverksetjast varige og verkfulle tiltak som
2029 sikrar rimelege straumprisar for vanlege forbrukarar og som opprettheld
2030 konkurransekrafta for den kraftforedlende industrien og øvrig næringsliv.

2031
2032 Innstilling: Ivaretatt i R2 Energipolitikk for ei ny tid
2033

2034 **Forslag nr. 69**

2035 Bremanger Arbeidarparti

2036
2037 Begrunnelse:
2038 I dei seinare år har det vore ei omfattande utbygging av straumnettet i vårt område.
2039 Dette har ført til ein kraftig auke i nettleiga. Utbygging av straumnettet er viktig for å
2040 nå klimamåla i samband med det grønne skiftet. Dette er ei nasjonal oppgåve der
2041 byrdene må fordelast på alle. Vi krev at det vert etablert nasjonale
2042 utjamningsordningar som sikrar lik nettleige for industri og vanlege forbrukarar i heile
2043 landet.

2044
2045 Forslag:
2046 Etablere nasjonale utjamningsordningar som sikrar lik nettleige for industri og
2047 vanlege forbrukarar.

2048
2049 Innstilling: Ivaretatt i R2 Energipolitikk for ei ny tid
2050

2051 **Forslag nr. 70**

2052 Bremanger Arbeidarparti

2053

2054 Begrunnelse:

2055 Dei ressurskrevjande tenestene gjeld våre sjukaste innbyggjarar, og krev mykje av
2056 kommunane i form av både ressursar og kompetanse. Her er eit stort behov for
2057 forbetring av ordninga i form av reversering av gjennomførte kutt, samt styrke
2058 innsatsen mot denne sårbare gruppa. I tillegg må grensa på 67 år takast bort, det er
2059 for oss uforståeleg tilskotsordninga forsvinn straks ein fyller 67 år.

2060

2061 Forslag:

2062 Bremanger Arbeidarparti meiner vi må styrke ressurskrevjande tenester i
2063 kommunane.

2064

2065 Innstilling: Ivaretatt i R3 Helse og velferd

2066

2067 **Forslag nr. 71**

2068 Bremanger Arbeidarparti

2069

2070 Begrunnelse:

2071 For barnehagebarn utgjør måltida i barnehagen ein vesentleg del av barnas inntak
2072 av mat og drikke, enten maten er teken med, eller vert servert i barnehagen. Mat og
2073 måltider i barnehage+E71agen har derfor stor betydning for barns kosthold og matvanar,
2074 og kan ha stor betydning for fysisk og psykisk helse og sosial utjamning.
2075 Matservering i barnehagen er ein del av det pedagogiske barnehagetilbodet med
2076 mykje god læring. For å unngå sosiale forskjellar- må alle barn få servert god, sunn
2077 og variert mat i barnehagen.

2078

2079 Forslag:

2080 Bremanger Arbeidarparti meiner at det må innførast matservering i alle barnehagar.

2081

2082 Innstilling: Ivaretatt i R7 Oppvekst og utdanning

2083

2084 **Forslag nr. 72**

2085 Austrheim Arbeiderparti

2086

2087 Begrunnelse:

2088 I 2023 er det 20 år sidan vraket av U-864 med 67 tonn kvikksølv vart funne utanfor
2089 Fedje. 20.9.2022 leverte ekspertutvalet si tilråding om å heva kvikksølvet frå
2090 ubåtvraket. Saka har i fleire år vore utgreidd og debattert. Når ekspertutvalet har gitt

2091 si endelege tilråding, må Regjeringa fylgje dette raskt opp. Kvikksølv et ligg i vårt
2092 «felles matfat» og frykt for kva fylgjer dette kan få, er stor blant kystbefolkninga. I
2093 rapporten frå utvalet vart det trekt fram at dei som bur i området, ikkje slår seg til ro
2094 med at kvikksølv et berre skal tildekkast. Utvalet sin konklusjon er at det er mogleg
2095 med heving av kvikksølv et. Noreg har gjennom arbeidet i Nordsjøen, ein unik
2096 kompetanse på arbeid på store djup. Denne kompetansen kan nyttast til å sikre
2097 hevinga. Utvalet slår også fast at kvikksølv et kan fjernast med ei forsvarleg risiko.

2098
2099 Forslag:
2100 Årsmøtet i Vestland Arbeiderparti krev at arbeidet med å heva kvikksølv et i U-864
2101 utanfor Fedje vert finansiert og sett i gang snarast mogleg. Det vert vist til
2102 konklusjonen i ekspertutvalet sin rapport om at det er mogleg å fjerne kvikksølv et
2103 med ein forsvarleg risiko.

2104
2105 Innstilling: Vedtas
2106

2107 **Forslag nr. 73**

2108 Austrheim Arbeiderparti

2109
2110 Begrunnelse:
2111 Det er uholdbart at Statens vegvesen ikkje har prioritert å starte opp planlegging av
2112 Nordhordlandstunnelen. Tunnelen er avgjerande for å sikre god og trygg kvardag for
2113 dei som bur langs vegen, dei som brukar vegen som skuleveg eller brukar vegen
2114 som transportetappe. Austrheim Arbeidarparti forventar at Stortinget prioriterer liv og
2115 helse først og løyver planmidlar til detaljregulering av Nordhordlandstunnelen i
2116 revidert nasjonalbudsjett.

2117
2118 Forslag:
2119 • Stortinget finansierer planmidlar til detaljregulering av Nordhordlandstunnelen i
2120 revidert nasjonalbudsjett.
2121 • Nordhordlandstunnelen må kome med i første periode av Nasjonal Transportplan.
2122 • Detaljplanlegging av Nordhordlandstunnelen startar opp hausten 2023 - med
2123 byggestart seinast 2027.

2124
2125 Innstilling: Ivaretatt gjennom R6 Samferdsel
2126

2127 **Forslag nr. 74**

2128 Austrheim Arbeiderparti

2129
2130 Begrunnelse:

2131 Regjeringa sin energikommisjon slår fast i sin rapport at auka kapasitet på
2132 utanlandskablane har ført til at utanlandske prisar i større grad påverkar dei norske
2133 prisane. Eit fleirtal i kommisjonen meiner at det bør utgreiast om utvekslinga på
2134 kablane kan skje på ein måte som kan dempe denne auken. Våre sentrale tillitsvalde
2135 i regjering slår fast gang på gang at straummarknaden kan ikkje dei gå inn i og
2136 regulere. Dette utsagnet meiner vi er ei fallitterklæring til tanken om
2137 sosialdemokratisk styre. Situasjonen på straummarknaden og den manglande viljen
2138 til styring av marknadskreftene, er truleg den einskildsaka som strekast fører til
2139 Arbeidarpartiet sin tilbakegang. Det må derfor prioriterast å få kontroll med den sterkt
2140 aukande kostnaden for folk flest.

2141

2142 Forslag:

- 2143 • Det offentlege eig om lag 90 % av den norske kraftindustrien. Den offentlege eigde
2144 kraftindustrien og infrastruktur må i større grad takast i bruk som direkte verkemiddel
2145 for å nå politiske mål.
- 2146 • Kraftindustrien som er i offentlege eige, må omorganiserst slik at målet om profitt
2147 ikkje vert styrande, men at dei skal løyse samfunnsoppgåver til beste for
2148 fellesskapet.

2149

2150 Innstilling: Ivaretatt i R2 Energipolitikk for ei ny tid

2151

2152 **Forslag nr. 75**

2153 Voss Arbeiderparti

2154

2155 Begrunnelse:

2156 Vestland AP meiner det er særst viktig at regjeringa legg til grunn Vestland sine
2157 prioriteringar for vårt fylke i dette arbeidet. Vestland fylke prioriterar som nummer ein
2158 ny rassikker veg og bane mellom Bergen og Voss. Me Ap viser og til budsjettforliket
2159 for 2023 mellom regjeringa og SV der strekninga vart prioritert.

2160

2161 Forslag:

2162 Arbeidet med strekninga Arna-Stanghelle må starte opp som planlagt i 2024 og
2163 arbeidet med kommunedelplan for Stanghelle – Voss må starta opp med det fyrste

2164

2165 Innstilling: Ivaretatt i R6 Samferdsel

2166

2167 **Forslag nr. 76**

2168 Voss Arbeiderparti

2169

2170

2171 Begrunnelse:

2172
2173 Forslag:
2174 Bergensbanen er ein del av det grønne skiftet og fire timar er mogeleg mellom Bergen
2175 og Oslo med tog. Voss Ap meiner at det no er på tide å få spaden i jorda for
2176 Ringeriksbanen 31 år etter den fryst vart vedteken på Storinget.

2177
2178 Innstilling: Delvis ivaretatt i R6 Samferdsel
2179

2180 **Forslag nr. 77**

2181 Voss Arbeiderparti

2182
2183 Begrunnelse:
2184 Arbeidarpartiet må gje meir midlar til forskning på livsstilsjukdommar som gjeld
2185 kvinner, men som tradisjonelt sett er forska på blant menn. For å sikra gode
2186 offentlege helsetenester til alle, kan ikkje behandlingstilbod innan kvinnehelse vera
2187 basert på ein enkelt lege sitt engasjementet, men må vera del av utdanninga til alle
2188 legar og andre som yter helsetenester.

2189
2190 Forslag:
2191 Vestland Arbeidarparti meiner at betaling av eigenandel må vera lik for kvinner og
2192 menn. Kvinner må ha råderett over eigen kropp både når det gjeld svangerskap og
2193 endring av kroppen, som sterilisering, fjerning av livmor eller brysta. Kvinnehelse må
2194 få meir forskning, kunnskap og betre behandlingstilbod.

2195
2196 Innstilling: Ivaretatt i R3 Helse og velferd
2197

2198 **Forslag nr. 78**

2199 Voss Arbeiderparti

2200
2201 Begrunnelse:
2202 Transseksuelle blir ofte diskriminerte på grunn av manglande kunnskap i
2203 helsevesenet. Rikshospitalet er i dag den einaste institusjonen som har kompetanse
2204 på feltet. Dette medfører lange ventelister, belastning og psykisk uhelse, og i verste
2205 fall død for dei som står i kø.

2206
2207 Forslag:
2208 Vestland Arbeidarparti meiner det må arbeidast for heilskapleg helsehjelp og
2209 kompetanse for transpersonar og ikkje-binære i alle fylke.

2210
2211 Innstilling: Vedtas
2212

2213 **Forslag nr. 79**

2214 Voss Arbeiderparti

2215

2216 Begrunnelse:

2217

2218 Forslag:

2219 Etter koronapandemien er det ein sterk auke blant tilfelle av eteforstyrning,
2220 sjølvskading og sjølv mord. Dei lokale og nasjonale psykiske helseteama må
2221 styrkjast. Det må finnast fleire lågterskel tilbod som både foreldre, ungar og ungdom
2222 kan venda seg til. Det bør arbeidast med å få ned ventetida. Arbeidarpartiet må gjera
2223 det meir attraktivt å arbeida innan psykisk helse, til dømes gjennom å auka
2224 kunnskap, kompetanse og lønnsnivå.

2225

2226 Innstilling: Ivaretatt i R3 Helse og velferd

2227 **Forslag nr. 80**

2228 Voss Arbeiderparti

2229

2230 Begrunnelse:

2231

2232 Forslag:

2233 For å få nullutslepp innan transport og vegtrafikk må det skapast eit nasjonalt
2234 nettverk for energi og fyllestasjonar.

2235

2236 Innstilling: Ivaretatt i R6 Samferdsel

2237

2238 **Forslag nr. 81**

2239 Voss Arbeiderparti

2240

2241 Begrunnelse:

2242

2243 Forslag:

2244 Det må utviklast betre el-taxiar med plass til meir enn 7 passasjerar. Desse taxiane
2245 vert som regel nytta til å transportere dei med rullestol, og dei må også kunne ta
2246 klimavenlege val. Offentleg transport som buss må bli eit meir fullkome tilbod, slik at
2247 det kan nyttast også på ettermiddag og helg.

2248

2249 Innstilling: Ivaretatt i R6 Samferdsel

2250

2251 **Forslag nr. 82**

2252 Voss Arbeiderparti

2253

2254 Begrunnelse:

2255 Det offentlege bruker 600 milliardar årleg på innkjøp, og må få betre kunnskap og
2256 strengare krav for å ta meir klimavenlege val. Spesielt innan innkjøp av tekstil,
2257 transport og bygg og byggjemateriale.

2258

2259 Forslag:

2260

2261 Innstilling: Vedtas

2262

2263 **Forslag nr. 83**

2264 Kvinnherad Arbeiderparti

2265

2266 Begrunnelse:

2267 Noreg går mot kraftunderskot i løpet av ein 10-års periode. For å dekke behovet for
2268 billig og føreseieleg kraft, må Noreg gjere omfattande grep. Kraftutbygging må vera
2269 rein (utan bruk av fossilt brensel), føreseieleg (ikkje vêravhengig), ressurseffektiv
2270 (lavt behov for metaller) og ein må begrensa nedbygging og rasering av store
2271 naturområde. Ankepunkta mot kjernekraft er faren for ei ulukke ved eit
2272 kjernekraftverk og lagring av restavfall etter den kjernefysiske prosessen. I Noreg har
2273 vi alle forutsetningar for å møte disse problemstillingane. Noreg har den tredje
2274 største førekomsten av Thorium i verda. Thorium gir mykje mindre langliva
2275 radioaktivt avfall og er rekna som mykje tryggare enn konvensjonelle reaktorar. For
2276 sikker lagring av det radioaktive avfallet bør dette etter modell frå Finland lagrast
2277 minst 500m under jorda. Med den tilgjengelege boreteknologien frå
2278 olje/gassbransjen i Nordsjøen bør alt ligge til rette for at Noreg kan lage trygge depot
2279 for lagring av kjernefysisk avfall.

2280 Dersom ikkje Noreg vurderer å utvikle trygg kjernekraft, står vi som nasjon framfor
2281 følgjande problemstilling:

2282 Anten vil vi få ustabile kraftprisar som er avhengig av importert straum som på sikt vil
2283 fordrive energikostbar industri frå Noreg.

2284 Eller, vil vi måtte investere i vindkraft på land og til sjøs, utbygging av vasskraft og
2285 etablering av store solcelleparker, noko som vil vere ei stor belastning på natur,
2286 økosystem og lokalsamfunn i landet, og som i tillegg vil vera vêravhengig og skape
2287 variable straumprisar.

2288 Eller, vi kan investere i kraftverk for fossil brensel som vil medføre auka global
2289 oppvarming og medfølgjande kostnader.

2290

2291 Forslag:

2292 Arbeidarpartiet skal jobbe for utgreiing, utvikling og etablering av små, modulære
2293 kjernekraftverk i Noreg, fortrinnsvis ved bruk av thorium.

2294

2295 Innstilling: Avvises

2296

2297 **Forslag nr. 84**

2298 Kvinnherad Arbeiderparti

2299

2300 Begrunnelse:

2301 Dagens straumstøttemodell gir utslag som er urettvise. Nokon tenar pengar på å
2302 nytte straum, mens andre, særskilt småbarnsfamiliar er tvungne til å nytte straum på
2303 gitte tidspunkt der straumen er høgare enn gjennomsnittleg straumpris for månaden.
2304 Dette gir straumstøttemodellen eit usosialt preg. Det er også stadig historier om folk
2305 som frys for å spare straum. Dette er ikkje verdig for eit land som Noreg. Tilsvarande
2306 bør hytteeigarar få utbetalt straumstøtte på likt grunnlag som andre eigedomar i
2307 Noreg. Mangel på dette skapar unødvendige skader på mange hytter i Noreg.

2308

2309 Forslag:

2310 Straumstøttemodellen for private må forbeistrast. Straumstøtte må reknast i forhold til
2311 spotpris per time og ikkje gjennomsnittspris per månad, som i dag. For innbyggjarar
2312 med fastprisavtale under vedteke støttepris, skal det ikkje utbetalast straumstøtte.
2313 Straumstøtteordninga skal oppgraderast til å også gjelde hytter og fritidsbustadar.

2314

2315

2316 Innstilling: Ivaretatt i R2 Energipolitikk for ei ny tid

2317

2318 **Forslag nr. 85**

2319 Kvinnherad Arbeiderparti

2320

2321 Begrunnelse:

2322 Det kan vera utfordringar med tannhelse for gravide. Svangerskapskvalme,
2323 hormonendringar, tannkjøttspesblem og sure oppstøt gjer det utfordrane å
2324 vedlikehalda god tannhelse gjennom svangerskapet. Når Arbeiderpartiet skal
2325 fortsetje med det gode arbeidet med å bygge på tannhelsetilbodet for nye grupper er
2326 det naturleg at neste steg er å inkludere dei gravide i ordninga.

2327

2328 Forslag:

2329 Kvinnherad Arbeiderparti meiner tilbodet om gratis tannhelsetilbod for gravide må
2330 gjenninnførast.

2331

2332 Innstilling: Ivaretatt i R3 Helse og velferd

2333

2334 **Forslag nr. 86**

2335 Alver Arbeiderparti

2336

2337 Begrunnelse:

2338 Heimfallsrett er ein rett styresmaktene, vanlegvis staten, har til å overta eit anlegg
2339 vederlagsfritt når konsesjonstida for anlegget går ut. Heimfall er med andre ord ein
2340 del av dei norske konsesjonslovene, og vart innført for å hindra at utanlandsk
2341 storkapital skulle få kontroll over den norske vasskrafta. Dette er ikkje intensjon i
2342 dagens utbygging av vindkraft. I vindkraftområdet er ein ikkje sikra mot at
2343 utanlandsskapital for kontroll i selskapa og dermed kan styre naturressursen vind
2344 etter eige profitt jag og ikkje til beste for fellesskapet. Eit eksempel på å omgå retten
2345 er Hydro sin «manøver saman med Lyse (som er offentleg eigd) Det førte til det
2346 offentlege «mist» 49 % av mogleg overskott frå kraftverka i Røldal-Suldal.

2347

2348 Forslag:

- 2349 • Det må innførast ordningar slik at heimfallsretten for vasskraft faktisk blir oppfylt og
2350 ikkje vatna ut av selskapsetableringar der ein opnar for 49 % eigarskap av «privat»
2351 interesser.
2352 • Det må med bakgrunn i ordninga med heimfallsretten utarbeidast tilsvarande «rett»
2353 for alle fornybare energiformer.

2354

2355 Innstilling: Ivaretatt i R2 Energipolitikk for ei ny tid

2356

2357 **Forslag nr. 87**

2358 Alver Arbeiderparti

2359

2360 Begrunnelse:

2361 Norsk politikk på feltet straum har spelt fallitt overfor norske forbrukarar så vel
2362 innbyggjarar og næringslivet. Det er noko som sentrale mynde også ser i dag, men
2363 er lite villig eller hevdar at ein ikkje kan endre med grunn i EØS, EU og inngåtte
2364 avtaler.
2365 Enn då sentrale mynde ofte «halsar» etter løysningar som først blir avslått med
2366 «umoglege» som etter kort tid vise seg å vere mogleg (straumstøtte, sikring av
2367 vassforsyning). Eit eksempel er nye reglar for korleis styresmaktene kan gripa inn i
2368 kraftmarknaden for å hindra at vassmagasina går tomme – gjerne omtalt som
2369 «styringsmekanisme». Slike hinder kan fjernast med at det politiske nivået tar større
2370 styring med selskapa sine i tillegg til «styringsmekanismer som opnar for inngripen.
2371 Norske kommunar og fylke har store verdiar investert i kraftbransjen som i dag gir
2372 store avkastningar, men det er ikkje automatikk at dette kjem fellesskapet til nytte.
2373 Mange av selskapa vert drivne med bakgrunn i aksjelovens krav. Det offentlege er

2374 ikkje alltid ein aktiv eigar og brukar dermed ikkje sin rett til å endre styre og leiing.
2375 Kommunar, fylkeskommunar og staten eig samla sett om lag 90 prosent av
2376 produksjonskapasiteten i landet. Staten, ved Nærings- og fiskeridepartementet, eig
2377 gjennom Statkraft *SF om lag 35 prosent av produksjonskapasiteten. Organisering
2378 av Statkraft som statsføretak inneber at staten er eineeigar.
2379
2380 Forslag:
2381 • Den offentlege eigde kraftindustrien og infrastruktur må i større grad taes i bruk
2382 som direkte verkemiddel for å nå politiske mål.
2383 • Det er naudsynt å sikra at AS eigd, 100% eller delvis, av det offentlege kjem under
2384 sterkare styre av politisk nivå. Dette må førast ein sterkare eigar oppfølging og det
2385 offentlege må vere villig til å skifte ut styrer og leiing som ikkje føl opp politiske
2386 vedtak om måla med selskapa.
2387 • Kraftindustrien som er i offentlege eige må omorganisert slik at målet om profitt
